



Årsmelding 2018

Meland kommune

Oppdatert per 09.04.2019

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2018	4
1.2	Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2018	5
2	Årsmelding – årsrekneskap 2018	5
2.1	Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald	5
2.2	Oversyn rekneskap 2018	5
2.2.1	Hovudoversikt driftsrekneskap 2018	5
2.2.2	Internrekneskap drift 2018.....	6
2.2.3	Spesifikasjon av netto inntektsramme	6
2.2.4	Netto utgiftsramme delegert til rådmannen.....	7
2.3	Investeringsrekneskapen.....	8
2.4	Balansen	8
2.5	Økonomistyring	10
2.6	Likestilling	10
2.7	Etisk standard og etisk arbeid i kommunen	10
2.8	Økonomiske utsikter	10
3	Meland kommune i 2018	11
3.1	Folketalsutvikling og demografi	11
3.2	KOSTRA- og effektivitetsanalyse	12
3.3	KOSTRA nøkkeltal for nokre tenester.....	14
3.4	Politisk organisasjon i 2018	18
3.5	Kommunesamanslåingsprosessen	18
4	Personaltilhøve.....	19
4.1	Årsverk og tilsette.....	19
4.2	Sjukefråvere.....	20
4.3	Personalarbeid, organisasjonsutvikling og arbeidsmiljø	20
4.4	Likestilling	21
5	Andre tilhøve	21
5.1	Internkontroll	21
5.2	Beredskap	22
5.3	Interkommunalt samarbeid.....	22
5.4	Arbeid med næringsutvikling	23
5.5	Meland kyrkje.....	23
6	Kommentarar til drift og resultat for tenesteområda i 2018	24
6.1	Adm. stab rådmann	24
6.2	Økonomikontoret	25
6.3	Interkommunale samarbeid	25
6.3.1	IKT og telefoni.....	26
6.3.2	Brannvern	26
6.4	Rådgevartenesta og PPT-kontoret	26
6.4.1	Rådgevartenesta.....	26
6.4.2	PPT-kontoret.....	27

6.5	Barnehagesektoren	27
6.5.1	Kommunal barnehagedrift	27
6.5.2	Private barnehagar	28
6.6	Grunnskolen i Meland	29
6.6.1	Diverse overordna forhold	29
6.6.2	Grasdal skule	32
6.6.3	Meland Ungdomsskule og vaksenopplæring	33
6.6.4	Rosslund skule	34
6.6.5	Sagstad skule	35
6.6.6	Vestbygd skule.....	36
6.7	Helse	37
6.8	NAV / sosiale tenester	39
6.9	Barnevern	41
6.10	Meland sjukeheim	42
6.11	Meland heimeteneste	45
6.12	Kultur	49
6.13	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)	50
7	Investeringar i 2018.....	53

1 Innleiing

1.1 Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2018

2018 er historie og vi kan gjere opp status for året som er forbi. Vi kan oppsummere med at netto driftsresultat syner ei forbetring frå 2017 på til saman kr 10,6 mill., og vi har dermed snudd eit negativt netto driftsresultat frå kr 5,9 mill. i 2017 til eit positivt resultat på kr 4,7 mill for 2018.

Resultatet knytt til drift av alle tenestene våre, syner eit avvik på kr 630.000,- eller om lag 0,1%, samanlikna med vedteke budsjett for 2018. Dette stadfestar god budsjettstyring i kommunen og rådmannen er tilfreds med at vi har levert ein rekneskap i balanse.

Meland kommune har i mange år hatt eit lågt sjukefråver. I 2017 auka dette til eit urovekkande høgt nivå (9,1%), og vi intensiverte innsatsen for auka nærver i heile 2018. Dette har vore medverkande til at sjukefråveret for 2018 vart redusert til 7,9% - eller nærver på 92,1%. Lågt fråver er viktig for mellom anna å sikre gode og føreseielege tenester til innbyggjarane våre – og eit godt arbeidsmiljø.

I budsjett for 2018 vart det planlagd bruk av disposisjonsfond med kr 6,6 mill. Resultatet for 2018 gjer at bruk av disposisjonsfondet vart redusert med kr 3,6 mill. til kr 3,0 mill. Ved utgangen av året er då saldo på disposisjonsfondet kr 26 mill.

Det forbetra resultatet for 2018 må ikkje gjere at vi «avlyser» oppgåva med å styre tenestene mot eit lågare kostnadsnivå, gjennom stram budsjettstyring og lojalitet til kommunestyret sitt vedteke budsjett. Kommunen har også for inneverande års budsjett og økonomiplanperiode finansiert deler av drifta med bruk av disposisjonsfond, og dette vil ikkje vere berekraftig over tid.

Stortinget og Regjeringa har store forventningar til kva kommunal sektor skal bidra med i åra som kjem. Nye oppgåver og tenester vert overført frå statleg og regionalt nivå til kommunane. Det er derfor viktig at Meland kommune nyttar ressursane sine optimalt i tida fram til den nye kommunen er etablert – slik at overgangen til Alver vert best mogeleg, og slik at «nye-kommunen» får ein god start i 2020.

Martin W. Kulild
Rådmann

1.2 Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2018

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2018 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

2 Årsmelding – årsrekneskap 2018

2.1 Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald

Årsmeldinga er rådmann si utgreiing av kommunen si verksemd i rekneskapsåret, og skal gje ein overordna presentasjon og analyse av kommunen si utvikling i året som gjekk, samt gje eit dekkjande bilete av kommunen si utvikling, resultat og stilling. Årsmeldinga og årsrekneskapen utgjer eigne separate dokument, jf. kommunelova §48, med separate krav til innhald og utgreiing.

Kapittel 2 i denne årsmeldinga inneheld kommunelova sine krav til årsmeldinga si informasjonsplikt. Kapittel 3 til 7 er ein utvida kommentar til kommunen sine oppnådde resultat, analyser og vurdering av tenesteproduksjon, viktige hendingar og framtidige utfordringar.

2.2 Oversyn rekneskap 2018

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk for 2018 vart kr 0. Kommunen budsjetterte med bruk av disposisjonsfond på kr 6,6 mill., men betre resultat gjer at det er rekneskapsført med kun kr 3,0 mill. av dette, dvs. kr 3,6 mill. betre enn i revidert budsjett. I 2017 hadde kommunen til samanlikning bruk av disposisjonsfond på kr 12,7 mill., og vi kan såleis seie at vi har ei resultatforbetring frå året før på kr 9,7 mill.

2.2.1 Hovudoversikt driftsrekneskap 2018

Tal i heile 1 000 kr					
Hovudoversikt rekneskap 2018	Regnsk. 2018	Reg. bud. 2018	Oppr. bud. 2018	Regnsk. 2017	Endring 2017-2018
Driftsinntekter	631 033	582 807	579 950	596 888	34 145
Lønnsutgifter og sosiale utgifter	376 765	358 166	356 889	364 397	-12 367
Andre driftsutgifter	254 140	228 667	218 887	243 566	-10 574
Brutto driftsresultat	129	-4 025	4 175	-11 075	11 204
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	0,02 %	-0,69 %	0,72 %	-1,86 %	1,88 %
Eksterne finansinntekter	6 331	6 540	5 470	6 790	-459
Sum eksterne finansutgifter	24 515	26 850	26 850	23 776	-739
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-18 184	-20 310	-21 380	-16 986	-1 198
Motpost avskrivningar	22 745	21 708	21 708	22 130	615
Netto driftsresultat	4 690	-2 627	4 503	-5 931	10 621
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	0,74 %	-0,45 %	0,78 %	-0,99 %	1,74 %
Netto avsetningar (ekskl. avsetn disp.fond)	-7 691	-4 003	-4 003	-6 748	-942
Resultat før avsetn. disp. fond / inndeck.	-3 001	-6 630	500	-12 679	9 679
Bruk av og avsetn. til disposisjonsfond	3 001	6 630	-500	12 679	-9 679
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	-	-	-	-	-

Brutto driftsresultat i 2018 er på kr 0,1 mill., ei betring med kr 11,2 mill. frå 2017. Netto driftsresultat er på kr 4,7 mill., eller 0,74% av netto driftsinntekter. Netto driftsresultat i 2017 var på negativt med kr 5,9 mill., og betring frå 2017 til 2018 er såleis kr 10,6 mill. Kommunen har per 31.12.2018 eit disposisjonsfond på kr 26,1 mill., som utgjer 4,1% av driftsinntektene.

2.2.2 Internrekneskap drift 2018

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2018	Regnsk. 2018	Budsj. 2018 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2017	Auke 17-18	Auke 17-18 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	464 479	460 220	4 259	0,9 %	443 411	21 068	4,8 %
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	467 480	466 850	-630	-0,1 %	456 090	11 390	2,5 %
Resultat før inndeking og avsetninger	-3 001	-6 630	3 629		-12 679	9 678	

Det vart i 2018 budsjettert med netto inntekter på kr 460,2 mill. Rekneskapen viste kr 464,5 mill., eit positivt avvik på kr 4,3 mill. I 2017 var netto inntekter kr 443,4 mill., og auken frå 2017 til 2018 er på kr 21,1 mill. eller 4,8%. I budsjettet for 2018 vart rådmannen tildelt ei ramme på kr 466,9 mill. til fordeling på dei ulike driftseiningane. Rekneskapen syner netto utgifter på 467,5 mill., som inneber eit meirforbruk i forhold til ramma på kr 0,6 mill. I rekneskapen for 2017 var netto driftsutgifter på tenestoområda kr 456,1 mill., og veksten i utgifter frå 2017 til 2018 er på kr 11,4 mill. eller 2,5%, som er 2,3% lågare enn inntektsveksten. Totalt viser internrekneskapen dermed eit mindreforbruk for 2018 på kr 3,0 mill., som er kr 3,6 mill. lågare enn det budsjetterte meirforbruket på kr 6,6 mill.

2.2.3 Spesifikasjon av netto inntektsramme

Skatt og rammetilskot

Tabellen på neste side syner at Meland kommune i 2018 har ein auke i skatteinntekter på kr 14,9 mill., frå 193,0 mill. i 2017 til kr 207,9 mill. i 2018. , ein auke på 7,7%. Dette er kr 3,4 mill. høgare enn i revidert budsjettet for 2018. Meland kommune ligg lågt når det gjeld gjennomsnittlege skatteinntekter per innbyggjar, i hovudsak som følgje av ein større andel unge innbyggjarar enn gjennomsnittet for norske kommunar. Skatteinntektene per innbyggjar (innbyggjarar per 1.1.2018) er i 2018 kr 25.738,- mot kr 24.068,- i 2017, ein auke på 6,9%. Nasjonalt auka skatteinntektene med 3,1 % per innbyggjar til kr 30.693,- frå 2017 til 2018. Meland kommune sine skatteinntekter per innbyggjar er dermed 83,9% av landsgjennomsnittet, auka frå 80,8% i 2017. Kommunen vert kompensert for låge skatteinntekter gjennom inntektsutjamningsordninga. Som følgje av at auken i skatteinntekter er betydelig høgare i Meland enn nasjonalt, får vi ein reduksjon i inntekter frå skatteutjamninga på kr 5,6 mill. frå 2017 til 2018.

Rammetilskotet auka med kr 10,5 mill. (5,1%) frå 2017 til 2018. Dette skuldast befolkningsauke (auka innbyggjartilskot) og auke i utgiftsutjamninga. Sum skatt, skatteutjamning og rammetilskot vart i 2018 kr 447,5 mill., som er kr 3,8 mill. høgare enn budsjettert.

Avdrag

Avdrag i driftsrekneskapen er bokført med kr 15,6 mill., mot budsjettert 16,6 mill. I tillegg er det utgiftsført kr 2,7 mill. i investeringsrekneskapen som avdrag på formidlingslån (startlån frå Husbanken).

Netto avskrivningar

Avskrivningane går totalt sett i null i kommunerekneskapen. På finansområdet har vi ein netto inntekt i 2018 på kr 8,3 mill. vedr. avskrivningar. Tilsvarande sum er kostnadsført på tenestoområde for Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), knytt til vassverk- og avlaupsanlegg (sjølvkostrekneskapa).

tal i heile 1 000 kr

Spes. av netto innt. økonomi og finans	Reknsk. 2018	Bud. reg. 2018	Avvik	Oppr. bud. 2018	Reknsk. 2017	Endr 17-18	Endr i %
Skatt	207 938	204 500	3 438	204 730	193 046	14 892	7,7 %
Rammetilskot	213 136	212 800	336	213 308	202 788	10 348	5,1 %
Innt. utjamning	26 441	26 450	-9	25 362	32 072	-5 631	-17,6 %
Sum skatt og rammetilsk.	447 515	443 750	3 765	443 400	427 906	19 609	4,6 %
Avdrag	-15 550	-16 600	1 050	-16 600	-15 613	63	-0,4 %
Avskrivningar	-14 407	-13 298	-1 109	-15 598	-15 338	931	-6,1 %
Kalk. avskr. komm. bygg			-	2 300	2 300	-2 300	-100,0 %
Motpost avskr.	22 745	21 708	1 037	21 708	22 130	615	2,8 %
Netto avskrivningar	8 338	8 410	-72	8 410	9 092	-754	-8,3 %
Renteutgifter	-9 554	-10 600	1 046	-10 600	-9 359	-195	2,1 %
Rentekomp.	1 247	1 700	-453	1 700	1 700	-453	-26,6 %
Kalk. renter selvkostomr.	4 068	4 125	-57	4 125	3 217	851	26,5 %
Byggelånsrenter invest.	828	500	328	500	1 300	-472	
Renter utlån	748	800	-52	800	844	-96	-11,4 %
Renteinntekter	1 402	1 600	-198	1 600	2 015	-613	-30,4 %
Diverse rentepostar	-1 261	-1 875	614	-1 875	-283	-978	345,6 %
Eigedomsskatt	19 375	20 050	-675	20 050	19 023	352	1,9 %
Havbruksfondet	2 812	2 800	12	-	-	2 812	#DIV/0!
Utbytte	4 072	4 070	2	3 000	3 843	229	6,0 %
Div utgifter og inntekter	-689	-385	-304	-385	-338	-351	
Avsetning til fond	-133					-133	
Sum andre postar	25 437	26 535	-965	22 665	22 528	2 909	12,9 %
Sum økonomi og finans	464 479	460 220	4 392	456 000	443 630	20 849	4,7 %

Diverse rentepostar

Totalt er det bokført kr 9,6 mill. i renter på lån i 2018, ein auke på kr 0,2 mill. i forhold til 2017.

Vi fekk i 2018 kr 1,2 mill. i rentekompensasjonsmidlar for dekking av renteutgifter vi har på skule og institusjonsbygg. Det er fordelt kr 4,1 mill. som kalkulatoriske renter (inntekt) til sjølvkostrekneskapa for vassverk- og avløpsanlegg. I tillegg har vi i 2018 kr 0,75 mill. i inntekt på vidareutlån og kr 1,4 mill. i renteinntekt på bankinnskot. Netto bokført renteutgift er såleis kr 1,3 mill. Det er kr 0,6 mill. mindre enn budsjettet, men kr 1,0 mill. meir enn i 2017.

Eigedomsskatt og utbytte m.m.

Satsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar er i 2018 uforandra i forhold til 2017 på 3,5 promille. Satsen på verk og bruk er 7 promille. Inntektene auka med kr 0,4 mill. frå kr 19 mill. i 2017 til kr 19,4 mill. i 2018. I 2018 fekk vi aksjeutbytte frå BKK på kr 4,1 mill., mot kr 3,8 mill. i 2017.

2.2.4 Netto utgiftsramme delegert til rådmannen

Tabellen nedanfor syner korleis rådmann i budsjettet for 2018 har fordelt utgiftsramma på kr 466,9 mill. til kvart tenesteområde som kommunen er organisert i, og dei tilhøyrande resultat for kvart tenesteområde. Tenesteområda sine fullmakter er regulert gjennom leiaravtalar. I sum har tenesteområda levert netto utgifter på kr 467,5 mill. knytt til ordinær drift, som er 0,6 mill. høgare enn utgiftsramma.

Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2018	Budsj. 2018 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2017	Auke 17-18	Auke 16-17 i %
Politikk/Rådmannskontor	18 112	17 750	-362	-2,0 %	17 264	848	4,9 %
Økonomikontor	10 376	9 740	-636	-6,5 %	9 148	1 228	13,4 %
IKT og andre Interkomm. samarbeid	15 466	15 760	294	1,9 %	15 121	345	2,3 %
Rådgevartenesta ekskl. private barneh.	9 394	9 970	576	5,8 %	8 426	968	11,5 %
Private barnehagar (tilskot og adm)	82 688	84 460	1 772	2,1 %	83 101	-413	-0,5 %
PPT	2 928	2 980	52	1,7 %	2 637	291	11,0 %
Kommunal barnehagedrift	7 014	7 010	-4	-0,1 %	6 537	477	7,3 %
Grasdøl skule	15 286	14 060	-1 226	-8,7 %	13 490	1 796	13,3 %
Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	17 333	17 040	-293	-1,7 %	16 223	1 110	6,8 %
Rossland skule	25 473	25 260	-213	-0,8 %	24 562	911	3,7 %
Sagstad skule	32 807	32 210	-597	-1,9 %	31 436	1 371	4,4 %
Vestbygd skule	20 371	19 920	-451	-2,3 %	18 154	2 217	12,2 %
Helse	29 506	27 940	-1 566	-5,6 %	26 774	2 732	10,2 %
Sosiale tenester	8 740	12 280	3 540	28,8 %	11 204	-2 464	-22,0 %
Barnevern	14 960	13 170	-1 790	-13,6 %	13 930	1 030	7,4 %
Meland Sjukeheim	47 609	47 800	191	0,4 %	45 519	2 090	4,6 %
Meland heimetenester	66 735	65 970	-765	-1,2 %	66 121	614	0,9 %
Kulturkontor	10 219	10 470	251	2,4 %	9 472	747	7,9 %
PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	32 463	33 060	597	1,8 %	29 822	2 641	8,9 %
Leige av modulbygg utbygging skular	0	0	0		7 149	-7 149	
Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann	467 480	466 850	-630	-0,1 %	456 090	11 390	2,5 %

I internrekneskapan bruker vi som vist i tabellen over netto rammer per tenesteområde der alle inntekter og utgifter som tenesteområda har ansvaret for er inkludert. Dette samsvarer ikkje heilt med fordeling av rammene i årsrekneskapan sin oppstilling 1B. Forskjellen er forklart i note 17 i årsrekneskapan. Kommenterar til resultat og utvikling for kvart tenesteområd kjem i kap. 6.

2.3 Investeringsrekneskapan

I 2018 er det bokført kapitalutgifter med totalt kr 106,3 mill. mot budsjettet kr 149,1 mill. På fleire prosjekt har ikkje framdrifta vore som planlagt i budsjettet, og prosjekta vert ferdiggjort i 2019. Største prosjekt i 2018 er rest av utbygging av Sagstad skule og uteareal til skulen bokført med til saman kr 23,7 mill., kjøp av utleige- og omsorgsbustader med kr 13 mill., ny driftsstasjon med kr 16 mill. Utlån, avdrag og avsettingar knytt til kommunen si vidareformidling av startlån frå Husbanken er i 2018 bokført med til saman kr 15,2 mill. Se kap. 7 for nærare spesifisering.

2.4 Balansen

Sum eigendeler har auka med kr 143 mill. i løpet av 2018, frå kr 1.510 mill. per 31.12.2017 til kr 1.653 mill. per 31.12.2018. Eigenkapitalen er auka med kr 31,5 mill. og langsiktig gjeld er auka med kr 88,5 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting.

tal i heile 1 000 kr

Balanse - 31.12	Regnsk. 2018	Regnsk. 2017
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	753 278	690 222
Utlån	40 231	35 908
Aksjer og andeler	103 761	102 572
Pensjonsmidlar	532 592	484 736
Sum anleggsmidlar	1 429 862	1 313 438
Kortsiktige fordringar	39 973	47 509
Premieavik	25 332	22 566
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	158 051	126 306
Sum omløpsmidlar	223 356	196 381
Sum eigendelar	1 653 218	1 509 819
Bundne driftsfond	41 358	33 667
Investeringsfond (bundne og ubundne)	26 280	24 916
Disposisjonsfond	26 075	29 076
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0
Kapitalkonto	181 349	155 925
Sum egenkapital	275 062	243 584
Pensjonsforpliktingar	627 572	601 861
Lånegjeld	656 828	594 036
Sum langsiktig gjeld	1 284 400	1 195 897
Diverse kortsiktig gjeld	90 828	67 034
Premieavik	2 928	3 304
Sum kortsiktig gjeld	93 756	70 338
Sum egenkapital og gjeld	1 653 218	1 509 819
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	38 315	40 811

Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 617 mill. i 2018, opp frå kr 558 mill. i 2017. I 2018 utgjer netto lånegjeld 97,7% av driftsinntektene. Lånegjeld per innbyggjar er kr 75.314,- for 2018, ein auke frå kr 69.662,- i 2017.

Nøkkeltal lånegjeld	Regnsk. 2018	Regnsk. 2017
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån) mill kr:	616,6	558,1
Brutto driftsinntekter	631 033	596 888
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.:	97,7 %	93,5 %
Innbyggere 31.12:	8 187	8 012
Netto lånegjeld pr innbyggjar - heile kr :	75 314	69 662

I tabellen til under listar vi opp alle kortsiktige balansepostar som har påverknad på netto likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er endra frå kr 41 mill. per 31.12.2017 til kr 42,6 mill. per 31.12.2018.

Netto kortsiktige balansepostar / likviditet	Regnsk. 2018	Regnsk. 2017	Regnsk. 2016
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	158 051	126 306	208 531
Kortsiktige fordringar	39 973	47 509	27 267
Diverse kortsiktig gjeld	-90 828	-67 034	-81 389
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-26 280	-24 916	-22 835
Unytta lånemidlar	-38 315	-40 811	-84 534
Netto likviditets over/underskot til drift	42 601	41 054	47 040
Endring frå året før	1 547	-5 986	16 350

2.5 Økonomistyring

Dei siste åra har kostnadsauken i Meland kommune vore større enn inntektsauken. For 2018 snudde dette. Vi hadde vekst i driftsinntektene med 5,7% og ein utgiftsvekst på 3,8%. Dette gjer at vi i 2018 fekk eit netto driftsresultat på kr 4,7 mill. (0,74% av driftsinntektene), ei betring frå året før på kr 10,6 mill. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at kommunane skal ha eit overskot (netto driftsresultat) på 1,75% av driftsinntektene. Dette ville for Meland kommune i 2018 utgjort om lag kr 11 mill. Kommunen må difor fortsatt arbeide med å auke inntektene og halde kostnadane nede.

Drifta i kommunen er prega av planleggings- og omstillingsarbeidet fram mot kommunesamanslåinga, og det er vanskeleg å sette i verk omstillings- og innsparingstiltak som berre gjeld Meland kommune. Generelt meiner vi likevel at økonomistyringa i kommunen er god, og at endra tenestebehov vert fanga opp og naudsynt justering av budsjetttrammene gjennomført.

2.6 Likestilling

81% av dei tilsette i Meland kommune er kvinner og 19% er menn. I rådmannen si leiargruppe er det det betre balanse mellom kvinner og menn, men og der med overvekt av kvinner. Kommunen jobbar aktivt med å fremje heiltidskultur som eit berande prinsipp for arbeidsmønsteret i kommunen, og *Tiltaksplan for heiltidskultur* som vart vedteken i 2017 er styrande for dette arbeidet. Kommunen har også ein eigen plan for likestilling, inkludering og mangfald (vedteke i 2015).

2.7 Etisk standard og etisk arbeid i kommunen

I Meland kommune er etisk kompetanse og systematisk etikkarbeid viktig i kvalitetsforbetring. Kommunen tok del i nasjonalt prosjekt via «Prosjekt etisk kompetanseheving 2012-2015». Vi har etter avslutta prosjektperiode vidareført dette arbeidet som del av Strategisk kompetanseutviklingsplan kombinert med lokale kompetanseplanar for kvart tenesteområde. Systematisk etikkarbeid gjev organisasjonen ein metodikk til å reflektere kring utfordringar i tenestene slik at desse vert belyst frå ulike vinklar og perspektiv. Føremålet er å finne fram til nye og betre løysningar som kjem brukarane og organisasjonen til gode, slik at kvaliteten på tenesteyting vert endå betre. Etikk er også eit viktig tema på informasjonsmøta med nyttilsette. Kommunen har over mange år hatt eigne etiske retningslinjer. Meland kommune er medlem i Transparency International.

2.8 Økonomiske utsikter

Meland kommune sin økonomi har det siste tiåret vore prega av at kommunen har høg folketalsvekst, men denne er redusert dei siste to åra. Inntektene til kommunen er i stor grad styrt gjennom dei avgjerder som vert tekne når det gjeld utviklinga av kommuneøkonomien i statsbudsjettet. Nytt inntektssystem for kommunane vart innført frå 2017, og kommunen fikk ein reduksjon i rammeoverføringane i denne omlegginga i 2017, men hadde god inntektsvekst frå 2017 til 2018.

Kommunen har i den vedtekte økonomiplanen lagt opp til eit svært høgt investeringsnivå, med nye store låneopptak og stor auke i rente- og avdragsutgifter. Det vil vere krevjande å balansere budsjetta framover når denne utgiftsauken skal takast omsyn til. Elles vil 2019 i stor grad bli prega av førebuing og planlegging av samanslåinga med Radøy og Lindås kommunar til nye Alver kommune frå 2020. I Meland kommune isolert vil det som følgje av dette i 2019 ikkje bli gjort vesentlege endringar i driftsnivå eller i organisering av verksemda.

3 Meland kommune i 2018

3.1 Folketalsutvikling og demografi

Utvikling i folketal og demografi er ein av dei viktigaste føresetnadene for både inntekts- og utgiftsutviklinga i ein kommune. Pr 31.12.2018 var folketallet i Meland kommune 8.187, ein auke på 108 personar (1,34%) frå 2017. Dette er nær det doble av veksten året før, men fortsatt lågare enn det som har vore vanleg dei siste åra.

Folketalsutvikling Meland kommune 2007 - 2018:

År:	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
pr 31.12. i året	6 233	6 478	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 079	8 187
Vekst frå året før	217	245	153	193	212	311	197	192	76	209	58	108
Vekst i %	3,61 %	3,93 %	2,36 %	2,91 %	3,11 %	4,42 %	2,68 %	2,55 %	0,98 %	2,68 %	0,72 %	1,34 %

Folketalsutvikling Meland kommune 2013 - 2018 fordelt på aldersgrupper:

pr 1. juli i året:	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0-5 år	743	757	751	760	750	723
6-15 år	1 076	1 120	1 156	1 159	1 187	1 227
16-22 år	733	725	717	732	705	711
23-66 år	4 197	4 278	4 349	4 415	4 466	4 460
67-89 år	684	739	767	828	883	920
90 år +	44	48	49	50	47	53
Sum	7 477	7 667	7 789	7 944	8 038	8 094

Endring frå året før:


Endr. i % frå året før:

pr 1. juli i året:	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0-5 år	50	14	-6	9	-10	-27	7,2 %	1,9 %	-0,8 %	1,2 %	-1,3 %	-3,6 %
6-15 år	11	44	36	3	28	40	1,0 %	4,1 %	3,2 %	0,3 %	2,4 %	3,4 %
16-22 år	40	-8	-8	15	-27	6	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %	2,1 %	-3,7 %	0,9 %
23-66 år	111	81	71	66	51	-6	2,7 %	1,9 %	1,7 %	1,5 %	1,2 %	-0,1 %
67-89 år	47	55	28	61	55	37	7,4 %	8,0 %	3,8 %	8,0 %	6,6 %	4,2 %
90 år +	-2	4	1	1	-3	6	-4,3 %	9,1 %	2,1 %	2,0 %	-6,0 %	12,8 %
	257	190	122	155	94	56	3,6 %	2,5 %	1,6 %	2,0 %	1,2 %	0,7 %

For å syne den demografiske utviklinga vert folketal per 1. juli brukt. I tabellen nedanfor ser ein at veksten frå 1. juli 2017 til 1. juli 2018 er på 0,7%, som er 0,5% lågare enn i 2017. I perioden fram til 2013 var veksten svært stor for born i førskulealder (0-5 år), men den har blitt mykje lågare dei siste åra, og i 2018 har vi ein reduksjon på 3,6%. I 2018 har vi vekst i born i skulealder med 3,4%, medan veksten i aldersgruppa 67-89 år har vore svært høg dei siste åra med ein vekst på 4,2% i 2018. Konsekvensen er ei dreiging av behov frå det å byggje fleire barnehageplassar til å måtte bygge ut tilbudet i eldreomsorga.

Meland kommune har likevel ein relativt ung befolkning. Figuren under viser folketal fordelt prosentvis på aldersgrupper for 2017 og 2018. 8,9% av befolkninga i Meland kommune er under 6 år mot 6,8% totalt for landet (2018-tal). Aldersgruppa 6-15 år er og større enn snitt for landet med 15,2% mot 12,0% for landet, medan vi har relativt færre eldre innbyggjarar, sjølv om andelen i aldersgruppa 67-89 år i Meland kommune har auka frå 11% i 2017 til 11,4% i 2018.

Aldersfordelinga er ein av dei viktigaste parametrane for berekning av rammetilskotet til kommunen. Vi får meir til skule og barnehage og mindre til eldreomsorg enn ein gjennomsnittleg norsk kommune, som følgje av avvikande demografiprofil i forhold til nasjonale tal.



Tabellane under syner at utviklinga med relativt høge fødselsoverskot held fram i 2018 samanlikna med føregående år. Talet på fødte utgjør 1,23% av folketallet per 1.1.2018.

Fødselsoverskot: (tal for 1. jan - 31. des i året)													
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Fødde	81	93	84	93	92	93	114	120	110	107	121	103	99
Døde	36	35	31	54	49	42	42	38	35	47	27	51	33
Fødselsoverskot:	45	58	53	39	43	51	72	82	75	60	94	52	66
Netto inn-utflytting:													
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innflytting	362	420	479	450	460	572	619	539	561	466	568	458	481
Utflytting	324	265	287	333	308	411	380	424	444	450	451	452	439
Netto innflytting:	38	155	192	117	152	161	239	115	117	16	117	6	42
Netto folkevekst	83	213	245	156	195	212	311	197	192	76	211	58	108

I 2018 flytta 481 personar inn til kommunen og 439 personar ut. Dette er høvesvis 6,0% og 5,4% av folketallet pr. 1.1.2018. Samanlikna med 2017 er netto folkevekst i 2018 større fordi netto innflytting auka.

3.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse

På oppdrag frå kommunen har Telemarksforskning utarbeidd ein KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammevilkår, med omsyn til både berekna utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigererte frie inntekter). Berekingane syner at Meland kommune på dei sentrale tenesteområda som inngår i inntektssystemet, hadde meirutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på kr 18,2 mill. i 2018, mot kr 25,3 mill. kr i 2017.

Om vi i denne analysen tek med at kommunen hadde eit høgare berekna utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» på om lag 3,0% i 2018 og at kommunen har eit inntektsnivå som ligg ca. 3% under landsgjennomsnittet (ca. 13,8 mill. kr) vert analysen annleis. Meland kommune har samla sett meirutgifter på kr 18,2 mill. i 2018 (kr 29,1 mill. i 2017) i forhold til kommunen sitt «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå». Dette fordeler seg på dei ulike tenestene som i tabellane på neste side (2018 øvst og samanlikningstal for 2017 nedst).

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2018 (mill. kr) sammenlignet med		
	Lands- gjennomsnittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	18,8	-3,0	-0,7
Administrasjon	-7,6	-8,5	-7,3
Landbruk	0,7	0,5	0,6
Grunnskole	31,8	7,2	10,8
Pleie og omsorg	-17,0	10,5	15,2
Kommunehelse	3,3	3,4	4,1
Barnevern	-3,2	-3,1	-2,6
Sosialtjeneste	-8,5	-1,9	-1,2
Sum	18,2	5,1	19,0

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2017 (mill. kr) ift.		
	Landsgjennomsnittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	23,6	2,9	5,1
Administrasjon	-6,3	-7,0	-5,9
Landbruk	0,6	0,5	0,6
Grunnskole	25,5	3,9	7,4
Pleie og omsorg	-12,2	14,0	18,5
Kommunehelse	4,4	4,5	5,2
Barnevern	-3,2	-2,2	-1,7
Sosialtjeneste	-7,0	-0,8	-0,1
Sum	25,3	15,8	29,1

Tabellen viser at Meland kommune til dømes på barnehagesektoren i 2018 bruker kr 18,8 mill. meir enn ein gjennomsnittleg norsk kommune. Meland kommune har imidlertid betydeleg høgare barnetal enn gjennomsnittleg, og kommunen må dermed forvente høgare kostnader (normert utgiftsnivå) innan barnehagesektoren enn gjennomsnittskommunen. Analysen viser at Meland kommune i 2018 brukte kr 3,0 mill. mindre enn dette normerte utgiftsbehovet. Når vi så justerer for at Meland kommune har lågare inntekter (3%) enn ein gjennomsnittskommunen, viser analysen at vi i 2018 brukte kr 0,7 mill. mindre på barnehagesektoren enn det analysen definerer som Meland kommune sitt normerte og inntektsjustert utgiftsnivå for 2018 for barnehagesektoren.

Dei økonomiske rammevilkår vil være styrande for det tenestetilbodet som kommunen kan tilby innbyggjarane.

- Meland er en middelinntektskommune.
- Korrigerte frie inntekter (inkl. eidegdomsskatt mm.) er på 97% av landsgjennomsnittet.
- I KOSTRA er Meland plassert i kommunegruppe 8, dvs. mellomstore kommunar med lave bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.
- Et berekna utgiftsbehov i inntektssystemet på totalt ca. 3,0% over landsgj.snittet i 2018.

Til bruk i KOSTRA- og effektivitetsanalyser har Telemarksforskning utvikla ein metode som skal illustrere korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammevilkår (inkludert både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå).

Eit slikt gererelt berekna utgiftsnivå må likevel ikkje oppfattast som ein slags fasit på eit "riktig" nivå. Berekningane er meir ein illustrasjon på korleis kommunen faktisk har tilpassa seg eit forbruksnivå på de aktuelle tenesteområda i sum – samanlikna med kva utgiftsbehovet (ifølge kriteriene i inntektssystemet) og dei reelle, frie inntektene ideelt sett skulle tilseie. Dei frie inntektene omfattar forøvrig ikkje slikt som utbytteinntekter og annen finansavkastning, og kriteria i inntektssystemet inkluderer heller ikkje alle tenesteområda. Mellom anna er ikkje teknisk sektor teke med. Analysen er basert på foreløpige/ureviderte KOSTRA-data for 2018.


Telemarksforskning sine analysar viser at vi frå 2017 til 2018 (når vi tek omsyn til utgiftsbehov og inntektsnivå) har auka vårt kostnadsnivå innan skule, medan vi på dei andre tenesteområda har nedgang.

3.3 KOSTRA nøkkeltal for nokre tenester

Nedanfor vert viktige nøkkeltal frå Kostra-databasen for driftsnivået i 2016-2018 samanlikna med nokre nabokommunar, med gjennomsnitt i Hordaland, med Kostragruppe 8 og til slutt med gjennomsnitt for heile landet utanom Oslo.


Inntektsnivå

Meland kommune har som følge av ein ung befolkning eit relativt lågt inntektsnivå, men dette har bedra seg noko dei siste åra. Dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) per innbyggjar har auka med 2,3% frå 2017 til 2018. Tilsvarende tall for Hordaland og kostragruppe 8 er 2,9% og 3,1% auke. Inntektene i Meland utgjer kr 54.762,- per innbyggjar i 2018.



Administrasjon


Netto driftsutgifter til administrasjon per innbyggjar varierer mykje mellom kommunane. Organisering av kommunen kan påverke korleis utgiftene vert fordelt på dei ulike tenesteområda. Også ulik praksis med omsyn til korleis ein fordeler fellesutgiftene i rekneskapen kan forklare avvik.



Oversikten viser at Meland kommune har lågast administrasjonsutgifter pr innbyggjar i 2018, sjølv om utgiftene aukar frå 2017 til 2018, frå kr 3.000,- per innbyggjar til kr 3.205,-. Tilsvarende tal for Hordaland og kostragruppe 8 ligg i 2018 på kr 4.020,- og kr 3.888,-.


Skule

Netto driftsutgifter per barn i aldersgruppa 6 – 15 år vert brukt for samanlikning av kostnadsnivået i skulen. Meland har netto driftskostnadar på kr 113.700,- per innb. 6-15 år. Talet for Hordaland er kr 112.400,-, og for kostragruppe 8 er summen kr 113.500,-. I perioden 2016-2018 har Meland auka kostnadane med 8,1%, men har ein nedgang med 0,8% frå 2017 til 2018.




Barnehage

Netto driftsutgifter til barnehagane i forhold til barn i aldersgruppa 1-5 år er eit vanleg samanlikningskriterium for kostnadsnivået i barnehagesektoren. Meland kommune har i 2018 kr 146.000,- i kostnad per innbyggjar 1-5 år, ein vekst på 2,5% frå året før. Gjennomsnittet i Hordaland er kr 154.100,-, og talet for Kostragruppe 8 er kr 151.800,-.




Helse og omsorg

Utgiftsnivå til helse og omsorg kan målast på fleire måtar. Enklast er netto drift i forhold til innbyggjarar i kommunen. Meland har kostnader på om lag kr 19.600,- per innb. i 2018, opp 4,1% frå 2017. Gjennomsnittet for Hordaland er på kr 20.700,- og kostragruppe 8 er på kr 19.100,-. Lågast ligg Os kommune, men nivået er påverka av at eldreomsorga i Os kommune er statleg finansiert.




Kultur

Utgiftene til kultursektoren i Meland kommune auka med til saman 16,8% i perioden frå 2016 til 2018, og er kr 1.391,- per innbyggjar i 2018. Dette utgjør 59% av gjennomsnittet for Hordaland. Vi ligg og lågt samanlikna med dei fleste samanlikningskommunane.



PUK (plan, utbygging og kommunalteknikk)

Tenestoområde er omfattande, og det er vanskeleg å finne Kostra-nøkkeltal som omfattar heile området som i Meland kommune heiter Plan, utbygging og kommunalteknikk. Ein vesentleg del av tenestoområdet er vedlikehald av kommunale bygg, og tabellen nedanfor viser at Meland kommune i heile perioden ligg lågast av alle samanlikningskommunane i forhold til kor mykje vi brukar på vedlikehald.



3.4 Politisk organisasjon i 2018

Meland kommune har for tida slik politisk organisering:

Kommunestyret:	27 medlemmer
Formannskapet:	7 medlemmer
Administrasjonsutval:	10 medlemmer (formannskapet + 3 frå arbeidstakarorganisasjonane)
Utval for levekår:	9 medlemmer
Utval for drift og utvikling:	9 medlemmer
Klagenemnda:	Personidentisk med formannskapet
Valstyret:	Personidentisk med formannskapet
Eldreråd:	7 medlemmer
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	5 medlemmer
Sakkunnig nemnd eigedomsskatt:	3 medlemmer
Ungdomsrådet:	9 medlemmer
Førebuande fellesnemnd:	6 medlemmer
Kontrollutval:	7 medlemmer
Fellesnemnd:	6 medlemmer

Ut over dei obligatoriske organ som går fram av kommunelova er det opp til kommunestyret å bestemme kva råd og utval dei ynskjer å ha.

Dei politiske utvala har hatt slik aktivitet i 2018:

Styre/råd/utval - aktivitet i 2018	Tal møte	Tal saker	Gj.snitt tal saker per møte
Kommunestyre	7	91	13,0
Formannskap	10	123	12,3
Administrasjonsutvalet	1	4	4,0
ULK	5	62	12,4
UDU	8	92	11,5
Eldrerådet	7	53	7,6
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6	46	7,6
Sakkunng nemnd eigedomsskatt	1	3	3,0
Ungdomsrådet	8	55	6,9
Kontrollutval	5	44	8,8
Fellesnemnd	10	71	7,1

Formannskapet hadde i tillegg 2 dagars budsjettseminar i november 2018.

3.5 Kommunesamanslåingsprosessen

Arbeidet med å førebu kommunesamanslåinga med Radøy og Lindås kommunar har god fremdrift. Medarbeidarar frå Meland kommune deltek i ei rekke delprosjekt for å avklare organisering, arbeidsprosessar, val av dataverktøy osv. Det er eit krevjande arbeid som vert utført utan at det for Meland sin del er tilført ekstra personellressursar knytta til dette arbeidet.

4 Personaltilhøve

4.1 Årsverk og tilsette

Tabellen under syner tilsette og årsverk for 2018, med samanlikningstal for 2017 og 2016. I tabellen er det teke med alle faste tilsette og vikarar som får fast månadslønn, men ikkje tilsette som er ute i ulønna permisjon eller fødselspermisjon. Dette inneber og at alle timelønna tilsette, som t.d. støttekontaktar i pleie og omsorg, ikkje er med i talet på tilsette eller årsverk.

Talet på tilsette pr 31.12.2018 er 602, ein auke på 2 frå 2017.

Talet på årsverk pr 31.12.2018 er 484,4, ein auke på 4,6 frå 2017.

Årsverk og tilsette per tenesteområde	<----- Årsverk per 31.12 ----->					<----- Tilsette per 31.12 ----->				
	2018	2017	2016	Endr. 17-18	Endr. 16-17	2018	2017	2016	Endr. 17-18	Endr. 16-17
Adm. stab rådmann	13,9	13,4	13,5	0,6	-0,1	15	15	15	- 0	0
Politikarar	1,2	1,2	1,2	-	-	2	2	2	-	-
Økonomikontor	2,0	6,0	7,3	-4,0	-1,3	2	6	8	- 4	- 2
Rådgjevartenesta	6,2	7,2	6,8	-1,0	0,4	8	10	10	- 2	- 0
PPT	3,4	3,4	2,4	-	1,0	3	3	2	-	1
Kommunal barnehagedrift	14,0	13,3	13,5	0,7	-0,2	16	15	15	1	- 0
Grasdalen skule	27,7	23,4	25,1	4,3	-1,8	34	27	29	8	- 3
Meland Ungdomssk. + Vaksenoppl.	24,8	25,7	23,5	-0,9	2,2	29	29	29	- 1	0
Rossland skule	42,0	41,8	40,4	0,2	1,4	50	49	48	1	1
Sagstad skule	62,5	60,4	54,7	2,1	5,7	71	69	63	2	6
Vestbygd skule	36,5	34,1	32,8	2,4	1,3	42	41	38	1	3
Helse	37,6	36,8	33,4	0,7	3,4	45	44	42	1	2
Sosiale tenester / NAV	10,2	9,8	10,4	0,4	-0,6	11	11	13	-	- 2
Barnevern	7,8	9,0	7,7	-1,3	1,3	8	9	8	- 1	1
Meland sjukeheim	64,6	63,2	58,2	1,4	5,0	97	94	94	4	- 0
Meland heimeteneste	77,1	77,4	73,4	-0,4	4,0	106	112	111	- 6	1
Kultur	11,8	10,1	10,7	1,7	-0,6	20	19	20	1	- 1
Plan, Utbygging og komm.teknikk (PUK)	41,4	43,9	39,3	-2,5	4,6	43	46	40	- 3	6
Sum Meland kommune	484,4	479,9	454,3	4,6	25,6	602	600	587	2	13

Tabellen under syner at vi i 2018 har redusert talet på faste tilsette med 13 (frå 526 til 513) frå 2017 til 2018, medan talet på vikarar og andre mellombelse stillingar er auka med 9 frå 66 til 75. Vi har 9 lærlingar mot 8 i 2017. Talet på tilsette som er ute i permisjonar er auka frå 8 i 2017 til 9 i 2018.

Årsverk og tilsette	<----- Årsverk per 31.12 ----->					<----- Tilsette per 31.12 ----->				
	2018	2017	2016	Endr. 17-18	Endr. 16-17	2018	2017	2016	Endr. 17-18	Endr. 16-17
Fast tilsette	427,8	432,2	388,9	-4,4	43,3	513	526	484	- 13	42
Vikarar, engasjement, mellombels tilsette.	51,7	45,0	48,8	6,7	-3,8	75	66	75	9	- 9
Lærlingar	2,5	2,8	2,3	-0,3	0,5	9	8	7	1	1
Permisjonar - lønna og ulønna	2,6	-	14,3	2,6	-14,3	5		21	5	- 21
Sum Meland kommune	484,5	479,9	454,3	4,6	25,6	602	600	587	2	13

Lærlingar

Meland hadde per 31.12.18 i alt 8 lærlingar, fordelt på desse faga:

Barne- og ungdomsarbeidarfaget:	2
Helsefagarbeidarfaget:	5
Byggdriftfaget	1

4.2 Sjukefråvere

Det har i 2018 vore jobba målretta med å redusere sjukefråværet, og resultatet vart då også ein nedgang frå 9,1% i 2017 til 7,9% i 2018. Sjølv om arbeidsmiljøutvalet hadde sett 7,5% som maksimumstal for 2018, er ein reduksjon på 13% svært positivt. Eit lågt sjukefråværet er gunstig for kommunen økonomisk sett, men det er ikkje minst viktig for kvaliteten på tenestene. Fråværet på 7,9% fordeler seg med 7,0% på langtidfråværet og 0,9% på korttidsfråværet. Sjukefråværet for kvinner låg på 8,7% og for menn på 4,6%.

Døme på administrativt initierte tiltak i 2018:

- Sjukefråværet som tema i rådmannen sine leiarmøte: 19.02. og 16.04.
- Gravid og på jobb som tema i leiarmøtet 22.01. Ekstern kurshaldar frå NAV Arbeidslivssenter.
- Utarbeiding av eigen prosedyre for oppfølging av gravide arbeidstakarar.
- AKAN som tema i leiarmøtet 05.03. Ekstern kurshaldar frå bedriftshelsetenesta (BHT).
- Ergoterapeut i BHT orienterte i leiarmøtet 28.05. om ergonomi og sjukefråværsoppfølging.
- Eigenmeldt korttidsfråværet vart analysert. Det vart slått fast at det ikkje fanst uheldige eller repeterande mønster på dette området.
- Organisasjonsutviklingsprosessar gjennom BHT på fleire tenesteområde.

Det har også vore jobba godt ute i tenesteområda med nærver, og mange av dei nærværingsgruppene som i si tid vart etablert som eit ledd i nærværingsprosjektet er fortsatt svært aktive.

Utviklinga i sjukefråværet over dei 5 siste åra:

År	2018	2017	2016	2015	2014	Gj.snitt per år
Sjukefråværet	7,90 %	9,10 %	7,10 %	7,60 %	6,80 %	7,7 %

4.3 Personalarbeid, organisasjonsutvikling og arbeidsmiljø

2018 ber preg av kommunesamanslåingsprosessen inn mot Alver kommune, og alle tilgjengelege ressursar innan område t.d. som organisasjonsutviklingsarbeid har vore kanalisert inn mot Alver. Mellom anna er HR-teamet sterkt involvert i mange av dei ulike organisasjonsprosjekta.

Per september 2018 vart løn og rekneskap overført til felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Meland og Radøy, med Lindås som vertskommune. Det er no berre 2 årsverk att innan dette stabsområdet (økonomisjef og controllar). Med verknad frå 01.01.19 vart tenestområdet barnevern overført til felles barnevern for Lindås, Meland og Radøy, med Radøy som vertskommune. Det er no såleis 12 tenesteområde i Meland kommune sin organisasjonsstruktur.

Det vart før sommaren 2018 gjennomført medarbeidarundersøkinga 10-faktor for andre gong. Det var ikkje særlege utslag samanlikna med første gjennomføring (2016). Resultat og oppfølging har vore tema på rådmannen sine leiarmøte.

Arbeidsmiljø

10-faktor har ikkje med spørsmål som går på arbeidsmiljø, slik den gamle medarbeidarundersøkinga bedrekommune.no hadde. Det har i 2018 gjennom BHT vore gjennomført reine arbeidsmiljøundersøkingar for utvalde tenestoområde.

AMU hadde 4 møte i 2018. Det har m.a. vore viktig å halde utvalet orientert om Alver-prosessen. Det vart allereie i september 2017 vedtatt at AMU skulle ha Alver-orientering som fast post på sakslista, og dette har vore gjennomført gjennom heile 2018. Frikjøp for HVO vart med verknad frå 01.01.19 utvida til 30%. Det vert elles vist til eigen årsrapport over verne- og miljøarbeidet i 2018.

Rådmannen har i 2018 gjennom AMU også retta fokus på MeeToo-problematikken som ble aktualisert frå høsten 2017. Det er ikkje gjort funn knytta til dette i Meland kommune.

Lokale forhandlingar

Det var ikkje Pott-forhandlingar i kap. 4 i 2018, men det vart etter vanleg system gjennomført årlege forhandlingar for kap. 3 og 5. For 5.1-forhandlingar gjeld det tvisteløysingsmodell etter HA, men det vart i 2018 oppnådd semje med alle organisasjonane.

4.4 Likestilling

19% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 81% er menn. Kvinner arbeider framleis i større grad i deltidsstillingar enn menn, slik at om ein reknar årsverk så er 79% av årsverka arbeid av kvinner og 21% av menn. Det er ei klar målsetjing å auke stillingsprosenten for kvinner, jf. arbeidet for å fremje heiltidskultur.

Kjønnsfordeling og årsverk 2018	Årsverk 31.12.18	Årsverk 31.12.17	Endring 17-18	Tilsette 31.12.18	Tilsette 31.12.17	Endring 17-18	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.18	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.17
Menn	100,0	103,5	-3,5	116	122	-6,0	86,2 %	84,9 %
Kvinner	384,5	376,4	8,1	486	478	8,0	79,1 %	78,8 %
Sum Meland kommune	484,5	479,9	4,6	602	600	2,0	80,5 %	80,0 %
Andel menn	21 %	22 %	-1 %	19 %	20 %	-1 %		
Andell kvinner	79 %	78 %	1 %	81 %	80 %	1 %		

Gjennomsnittleg årsverksstørrelse pr. 31.12.2018 for menn er 86,2%, opp frå 84,9% pr. 31.12.2017. Tilsvarende tal for kvinner er 79,1% pr. 31.12.2018, litt høgare enn i 2017. Totalt er gjennomsnittleg årsverksstørrelse på 80,5% per 31.12.2018. I teneste- og stabsleiargruppa er det 9 kvinner og 6 menn. Det vert elles jobba i samsvar med plan for likestilling, inkludering og mangfald.

5 Andre tilhøve

5.1 Internkontroll

Kommunen har framleis eit manuelt system for handsaming av HMT-avvik. Det er registrert 120 HMT-avvik i 2018. Dette talet er monaleg høgare enn tidlegare år, sjå tabell nedanfor.

År	2018	2017	2016	2015	2014	Gj.snitt per år
Tal på avvik	120	101	69	44	49	77

Det er vanskeleg å seie om dette skuldast fleire uønska hendingar eller meir nøyaktig rapportering. Det er utagerande åtferd frå elevar som utgjer den avvikstypen med flest rapportar (i alt 46 rapportar). Det vart i 2018 utarbeidd handlingsplan for dette området.

5.2 Beredskap

Arbeidet med å revidere overordna ROS-analyse og utvikle eit nytt beredskapsplanverk har vore kanalisert inn mot Alver-prosessen og prosjektet «Samfunnstryggleik og beredskap i Alver kommune.» Dette er også i tråd med Fylkesmannen sin behandling av 3 avvik frå 2017, som no alle er lukka.

Kunnskapsinnhenting for overordna ROS-analyse i Alver vart ferdigstilt i desember 2018 og gjennomføring av analysedelen starta opp i januar 2019. Det er ei målsetjing at Alver kommune har ein godkjent overordna ROS-analyse og planverk for handtering av hendingar frå 01.01.20 etter gjeldande lovverk og forskrift. Det er gitt skjønnsmidlar til dette fellesprosjektet.

Fylkesmannen gjennomførte 2 varslingsøvingar i 2018 («Øving Lyneld»), og Meland kommune responderte greitt på begge desse.

5.3 Interkommunalt samarbeid

Meland kommune er med i ei rekkje interkommunale samarbeidstiltak, dei fleste med nabokommunane i Nordhordland. Dei viktigaste er lista opp i tabellen nedanfor. Totalt er Meland kommune sin del av utgiftene til desse tiltaka i 2018 utgiftsført med kr 30,6 mill. i 2018.

Meland kommune sin del av kostnader i interkommunale tiltak		Tal i 1 000 kr	
Namn:	Vertskommune	2018	2017
Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp (DIHVA)	-	73	103
Interkommunal Innkjøpsordning	Bergen	121	116
Interkommunalt arkiv i Hordaland	-	469	362
Krisesenteret for Bergen og Omegn	Bergen	336	327
Lindås og Meland Brannvern	Lindås	7 997	6 424
Lindås og Meland Brannvern - Feietenesta	Lindås	1 706	1 164
Nordh. Gulen Interk. Branntilsyn (NGIB)	Lindås	752	702
Nordhordl. Gulen Interk. Renh.v. (NGIR)	-	843	840
Nordhordland digital (ND)	Radøy	246	79
Nordhordland IKT - drift	Osterøy	4 705	3 870
Nordhordland IKT - ført i investeringsrekneskapen	Osterøy	1 136	525
Nordhordland interk. legevaktsentral /ØH-D senger	Lindås	5 959	5 345
Nordhordland interkommunale legevakt døgntilbod	Lindås	-	-
Nordhordland Kemnerkontor	Lindås	1 086	993
Løns- og rekneskapskontor Lindås-Radøy-Meland	Lindås	1 516	
Nordhordland Kursregion/Nordh. Kompetanseregion	Lindås	129	77
Nordhordland Revisjon IKS	-	942	915
Regionrådet for Nordhordland/Nordh Utviklingsselskap IKS	-	1 183	1 149
Regionrådet for Nordhordland - IKT Strategisamarbeid	-	1 093	
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	108	206
Ungdomskontakten Salto	Lindås	221	208
Sum kostnad interkommunalt samarbeid		30 620	23 405

Dei fleste av desse er Vertskommunesamarbeid etter Kommunelova kap. 20, medan nokre er IKS - Interkommunale Selskap - etter eiga særlov. Det er også nokre avtalebaserte samarbeid som ikkje er

direkte relatert til vilkår i kommunelova. Eit IKS legg fram sjølvstendige rekneskap som ikkje inngår i kommunen sin drifts- og investeringsrekneskap. Dei andre samarbeidstiltaka vil inngå i vertskommunen sin rekneskap.

5.4 Arbeid med næringsutvikling

Meland kommune har i 2018 arbeidd med næringsutvikling med bakgrunn i Næringsplanen. Det blir mellom anna jobba tverrfagleg saman med NAV/flyktningetjenesten i eit innovativt entreprenørprosjekt. Kommunen er prosjektleiar for veg- og bru-prosjektet Sambandet Vest, saman med 4 andre kommunar. Meland har gått inn som partner i eit næringsprosjekt innanfor EU sitt Interreg-Nordsjøprogram, retta mot små og mellomstore bedrifter i kommunen. Kommunen følgjer òg opp gründerar og interessentar som ønskjer å etablera seg i kommunen.

5.5 Meland kyrkje

Meland kyrkjelyd er ein relativt aktiv kyrkjelyd med mykje diakonalt arbeid (omsorg og fellesskapsbygging), mange frivillige og godt gudstenestebesøk frå alle generasjonar. Mange ønskjer framleis å døype barna sine og bli konfirmert i Den norske kyrkja i Meland. Men kyrkjelyden ønsker å nå lengre ut med eksisterande og nye tiltak, og saknar spesielt betre rammevilkår i eit tenleg kyrkjebygg.

Kyrkjelyden hadde ved slutten av året 8 tilsette, fordelt på 6,4 årsverk. 5,3 årsverk er løna av soknet, ein del av innsamla midlar, noko er statlege trusopplæringsmidlar, men mesteparten er kommunalt tilskot, som i 2018 var på totalt 3,85 mill. Det vart tilsett ny sokneprest frå hausten 2018. I eit spleiselag med bispedømet vart det lyst ut ny 100% stilling som spesialprest. Den tilsette i denne stillinga kjem på plass i 2019. I tillegg til tilskotet yter kommunen diverse administrative tenester (ikkje alt er kostnadsrekna), samt at kyrkjegardsdrifta er ein del av kommunerekneskapen, bokført med kr 720.000,- i 2018. Tenestytingsavtalen er tilsaman kostnadsrekna til kr 1.225.000,- men er ikkje oppdatert på nokre år.

Planlegginga av ny kyrkje på Frekhaug prega arbeidet i 2018, med komitearbeid saman med representantar frå kommunen på våren for å få i stand ein avtale om bygging og finansiering. Kommunestyret valde basert på rådmannen sin tilråding i behandlinga av budsjett for 2019 og økonomiplanen for perioden 2019-2022 å ta ut tilskot til ny kyrkje, og avtalen vart difor heller ikkje vedteken. Dette som følgje av behov for prioritering av andre investeringstiltak og generelt stramme rammer til drift og investering vidare framover. Arbeidet med å realisere kyrkjetomt og nytt kyrkjebygg går no inn i sitt 20. år utan å ha lukkast.

Arbeidet med å slå saman Radøy, Meland og Lindås fellesråd til Alver kyrkjelege fellesråd frå 2020 er godt i gang og fellesnemnda har vedteke overordna organisering, der Meland framleis vil ha eige kyrkjekontor og lokalt plassert stab også etter 2020. Tenestytingsavtalen er oppe til drøfting om ei avslutning i samband med samanslåinga.

6 Kommentarer til drift og resultat for tenesteområda i 2018

6.1 Adm. stab rådmann

Arbeidsområde

- Overordna arkivteneste/dokumentsenter/postmottak
- Sekretær for alle politiske utval, med unntak av Utval for drift og utvikl. og Ungdomsrådet
- Resepsjonen på rådhuset
- HR-funksjonen, inkl. arbeidsavtaler, all lokal lønsdanning og forvaltning av avtaleverket
- Overordna HMT-arbeid, med m.a. systemansvar for HMT-avviksbehandling, oppfølging av IA-avtalen og samhandling med bedriftshelsetenesta
- Informasjonsarbeid med drift og utvikling av kommunen si heimeside, intranett og Facebook
- Ansvar for avvikling av alle val, sjå eige punkt om Stortings- og Sametingsvalet i 2018.
- Salsløyve for alkohol, samt skjenke- og serveringssaker. Interkommunal alkoholkontroll.
- Beredskap.

Generelt er arbeidsoppgåvene retta ut mot heile kommuneorganisasjonen.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2018	13,9	14,8	94 %	18 112	17 750	-362	102,0 %
2017	13,4	15,2	85 %	17 264	17 401	137	99,2 %
Endring . 17-18	0,5	-0,4	9 %	848	349	-499	-2,8 %

Personellressurs

Både i årsverk og tal tilsette inngår frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Stabsområdet vart hausten 2018 utvida med 1 årsverk med arbeidsoppgåver innan dokumentforvaltning og resepsjonsteneste. Tiltaket vil bli balansert økonomisk i 2019 grunna naturleg avgang.

Rådmannskontoret hadde eit svært lågt sjukefråvær i 2018 (2,8%). Ein stor del av fråværet er knytta til tillitsvalde med frikjøp. I tillegg til personale summert over kjem ordførar og varaordførar.

Økonomi og drift

Rådmannskontoret er kjenneteikna av mange faste utgifter, der kostnadene i stor grad ligg utanfor området sin kontroll. Døme på dette er m.a. vedtatte interkommunale samarbeidstiltak og medlemskontingentar, person- og yrkesskadeforsikring inkl. meklarteneste, revisjon, pasientskadeerstatning m.v. Mange utgiftspostar er også knytta til tiltak som heile organisasjonen har nytte av, døme her er m.a. innkjøpsordninga, fellesannonsar, juridisk bistand, bedriftshelseteneste, kantinedrift m.v.

Det vart i 2018 innført ny portalløysing. Dette vart eit omfattande og tidkrevjande arbeid. Heimesida til kommunen framstår nå som meir ryddig og brukarvenleg. Rådmannskontoret hadde i 2018 eit meirforbruk på kr 263.000,-. Underbudsjetterte postar var då m.a. revisjonen, faste løner og bedriftshelsetenesta (knytt til nødvendige tiltak på andre tenesteområde).

Arkiv- og dokumenthandsaming

Kommunen mottek inngående post på fleire måtar; Pr. post, via epostmottak, epost frå saksbehandlar, i Altinn og til elektronisk skjemaomtak. Det vart i 2017 oppretta totalt 2.995 saker i kommunen sitt sak-/arkivsystem Websak Fokus. Vi har pr. dato ikkje tilgjengeleg søk i Websak Fokus,

men det er ingen grunn til å tru at talet er lågare for 2018, då omfanget av digital samhandling er aukande. Det same gjeld for tal journalpostar/ dokument. (Inngåande, utgåande, notat og saksframlegg).

Alle typar dokument vert kontrollert ved journalføring, før publisering i Innsyn. Det har vore stor aktivitet knytta til arbeidet med overgang til felles barnevern, førebuing av kommunesamanslåinga / DigiAlver og oppgradering til Wesak 7.1.

Prosjektaktivitar i 2018:

- Ny modul Visma Flyt PPT januar 2018 – overgang til fullelektronisk arkiv
- Ny modul Visma Flyktning juni 2018 – overgang til fullelektronisk arkiv
- Prosjekt kopimaskiner; kartlegging og oppfølging saman med Iktnh
- Møter og aktivitet i høve interkommunal alkoholkontroll
- Arbeid med elektronisk arkivplan for Meland, samt bistand i Radøy kommune
- Deltaking på kurs i Personvernlova, Offentleglov/Forvaltningslov, GDPR, og periodisering elektronisk arkiv

6.2 Økonomikontoret

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	2,0	2,0	100 %	10 376	9 740	-636	106,5 %
2017	6,0	6,0	100 %	9 148	9 333	185	98,0 %
Endring . 17-18	-4,0	-4,0	0 %	1 228	407	-821	-8,5 %

Økonomikontoret har ansvar for rekneskapsføring og rapportering, skanning av inngåande faktura, koordinering av budsjett- og økonomiplanarbeidet, lønn, sjukepengerefusjon, momsrapportering, rutinar for økonomisk internkontroll, bank og finans, låneadministrasjon, innkjøpsrutinar og oppfølging av innkjøpsavtalar (unnateke større prosjekt og investeringar), eigedomskatt, deler av faktureringsarbeidet, purring/inkasso, samt oppfølging av IKT-drifta som er sett ut til IKTNH.

Økonomikontoret har ved utgongen av 2018 2 årsverk etter at 4 årsverk frå aukust 2018 vart overført til felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Radøy og Meland kommunar. Dette er eit interkommunalt samabeid med Lindås som vertskommune. Inkludert i det som er bokført på økonomikontoret i 2018 med totalt kr 10,4 mill.er kostnadar til interkommunalt kemnerkontor med kr 1,1 mill. og Meland kommune si overføring til drift av Meland Kyrkjelege Fellesråd med kr 3,85 mill. Kontoret har i 2018 eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 0,6 mill. Dette skuldast i hovudsak auka kostnadar til vikarar i samband med permisjonar og sjukemeldingar, samt høgare kostnadar i oppstarten av felles løns- og rekneskapskontoret enn rekna med i budsjettet.

6.3 Interkommunale samarbeid

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018				15 466	15 760	294	98,1 %
2017				15 121	14 731	-390	102,6 %
Endring . 17-18	-	-		345	1 029	684	4,5 %

På tenesteområdet interkommunale samarbeid har vi vald å plassere IKT og brann- og redningstenesta. Til saman betalar vi kr 15,5 mill. til drift av desse områda i 2018, ei auke med kr 0,35 mill. i forhold til 2017.

6.3.1 IKT og telefoni

Utgifter til IKT-drift og telefoni er i 2018 på kr 7,4 mill. Av dette er kr 5,7 mill. tenestekjøp frå IKTNH og utviklingstenester som vert administrert av Regionrådet i Nordhordland. I tillegg kjem eigne IKT-utgifter, som lisensar, kjøp av PC-ar, datakommunikasjon, rekvisitakjøp med meir. Meland kommune har ikkje eigne driftsressursar til IKT eller telefoni, då all drift er satt ut til IKTNH. Økonomikontoret er ansvarleg for oppfølginga av avtalen og tenester levert av IKTNH, samt investeringsprosjekt innan IKT. Drift av IKT-system ligg til systemleverandørane. Sentrale brukarar av dei ulike fagsystema er tildelt superbrukarrolle der dei har fått eit særleg ansvar for oppfølging mot systemleverandørane, evt. med bistand frå IKTNH.

Om IKTNH

Alle IKT-driftstenester til Nordhordlandskommunane og nokre andre tilknytta kommunar er overførte til IKTNH. IKTNH sine oppgåver og plikter vert regulerte gjennom ein tenesteleveringsavtale (TLA) og ein datahandsamingsavtale med kommunane, der IKTNH er serviceleverandør av teknologiske tenester samstundes som IKTNH skal mogleggjere digital vidareutvikling innanfor dei ulike tenesteområda.

6.3.2 Brannvern

Består av Lindås og Meland brann og redning (LMBR) og Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB). Meland kommune sin del av kostnaden til LMBR i 2018 er kr 7,25 mill. (samanlikna med kr 5,95 mill. i 2017), medan kostnaden til NGIB i 2018 har vore kr 0,75 mill. (auke på 0,15 mill. frå 2017). Auken i kostnadar til brannvernet skuldast den svært tørre sommaren i 2018, men mange skogbrannar og tilløp til brannar, noko som og medførte auka beredskap.

6.4 Rådgjevartenesta og PPT-kontoret

6.4.1 Rådgjevartenesta

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2018	4,2	4,3	99 %	9 394	9 970	576	94,2 %
2017	5,2	6,6	80 %	8 426	9 206	780	91,5 %
Endring . 17-18	-1,0	-2,3	19 %	967	764	-204	-2,7 %

Rådgjevartenesta er ei sektorovergripande gruppe direkte underlagt rådmannen med fagkompetanse innan skule, samfunnsplanlegging, næring, samt helse, sosial, pleie og omsorg. Barnehagerådgjevar er omtala under eige punkt. Rådgjevarane har ulike forvaltningsoppgåver, dei delteke i prosessar kring arbeid med utvikling, fornying og omstilling innan fagområda, arbeider med ulike overordna planprosessar og gjer saksutgreiing til politisk mynde.

Totalt er utgiftene til rådgjevartenesta på kr 9,4 mill i 2018, som er ei auke på kr 1,0 mill i høve til 2017. Største kostnadspost er kostnadar til gjesteelevar og elevar med særskilte behov. Næringsrådgjevaren sin løn vert refundert frå Meland Utbyggingsselskap AS.

6.4.2 PPT-kontoret

PPT-kontoret har 3,4 årsverk. Grunna mange nye saker til kontoret sommar og haust 2018 har PPT hatt noko ventetid i grunnskulen. Enkelte brukarar har opplevde saksbehandlingstid på opp mot eitt halvt år. På førskuleområdet har det ikkje vore ventetid. Kontoret har som mål å redusere ventetida for nyttilviste barn og unge.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2018	3,4	3,4	100 %	2 927	2 980	53	98,2 %
2017	3,4	3,4	100 %	2 637	2 677	40	98,5 %
Endring . 17-18	-	-	0 %	291	303	12	0,3 %

PPT har i tråd med nasjonale føringar arbeidd mot å dreie verksemda meir mot systemretta arbeid i barnehage og skule. I barnehage driv PPT prosjekt tidleg innsats og identifisering saman med spesialpedagogar i Styrka tilbod førskule og barnehagefagleg rådgjevar. I samarbeid med skule har PPT har og arbeid saman med skulane for å forbetra samarbeidsrutinane. PPT arbeider og med å vidareutvikle det systemretta arbeidet i prosjektet Eleven i kontekst i skulen.

6.5 Barnehagesektoren

6.5.1 Kommunal barnehagedrift

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2018	14,0	16,3	86 %	7 014	7 010	-4	100,1 %
2017	13,3	15,3	87 %	6 537	6 517	-20	100,3 %
Endring . 17-18	0,7	1,0	-1 %	478	493	16	0,2 %

Tenesteområdet består av Marihøna barnehage og avdeling for Styrka tilbod førskule, med ansvar for spesialpedagogar som arbeider i alle barnehagane i Meland retta mot barn med særskilte behov.

Hovedfokus er:

- Tilby eit kommunalt barnehagetilbod av høg kvalitet.
- Drive endrings- og utviklingsarbeide, for å sikre eit oppdatert og kompetent personale.

I samband med implementering av ny Rammeplan for barnehagen (vedteke i 2017) har vi jobba aktivt med utviklingsarbeidet «Barnas trivsel, dei vaksnes ansvar». Dette arbeidet har endt ut i ein godt gjennomarbeida og praksisnær «Handlingsplan mot mobbing» for Marihøna barnehage. I tillegg har vi jobba vidare med Realfagsatsinga i barnehagen. Vi har og starta lokalt realfagsnettverk saman med Meland ungdomskole. Dette er eit unikt samarbeid, der dei eldste og dei yngste borna i kommunen lærar frå kvarandre.

To assistentar frå Marihøna barnehage fullførte i 2018 vidareutdanning innafor Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Dette er ei klar målformulering i Barnehageplanen sin kvalitetsdel og eit stort kompetanseløft for Marihøna barnehage.

Ny pedagognorm for barnehage vart gjeldande frå 1.8.2018. For å kunne oppretthalde optimalt barnetal, vart det difor tilsett ei ny pedagogisk leiar frå denne datoen. Samstundes med denne tilsettinga gjekk ein barne- og ungdomsarbeidar ut i svangerskapspermisjon, så tilsettinga medførte ikkje vesentleg kostnadsauke i barnehagen. I juni 2018 fullførte ein lærling læretida si i Marihøna

barnehage, og i august 2018 starta ein ny lærling læreløypet sitt i barnehagen. Pedagogane i avdelinga for Styrka tilbod har hatt fokus på tidlig innsats i 2018, og har mellom anna gjeve tilbod om COS- kurs (Circle of security) til barnehagetilsette i kommunen.

6.5.2 Private barnehagar

Arbeidsområde:

- Godkjenning, tilsyn, fagleg utvikling og rettleiing innan barnehagesektoren.
- Søknad og opptak
- Sakshandsaming i politiske saker og forvaltningsteneste
- Styrka tilbod/ spesialpedagogiske vedtak
- Informasjonsteneste om barnehagane til innbyggjarane

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	2,0	3,3	61 %	82 688	84 460	1 772	97,9 %
2017	2,0	3,0	67 %	83 101	83 517	416	99,5 %
Endring . 17-18	-	0,3	-6 %	-413	944	1 356	1,6 %

Av netto utgifter i 2018 på kr 82,7 mill. var kr 74,4 mill. drifts- og kapitaltilskot til private barnehagar. Summen inkluderer ekstra tilskot på kr 3,0 mill utbetalt etter vedtak i kommunestyret. For 2017 var tilskotet på kr 74,3 mill. Per desember 2018 gjekk det i Meland kommune totalt 549 barn i dei åtte private og 40 barn den eine kommunale barnehagen, tilsaman 589 barn. Dette er 19 færre enn per 31.12.2017, då det til saman var 608 barn i barnehagane i kommunen. Tenesten har innsparing på kr 1,8 mill. i forhold til tildelt ramme. Dette skuldast i hovudsak lågare netto refusjon til andre kommunar for barn som går i barnehage i andre kommunar.

Kommunen har god barnehagedekning, og alle som søkte fekk plass.

Det er i dag ein saksbehandlar i rådgjevarteamet som arbeidar med sakshandsaming og administrasjon innan tenestområdet. Det er stort behov for å auke ressursane til dette arbeidet.

Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn

Arbeid med tilsyn i 2018; Alle barnehagane har hatt tilsyn i 2018.

Helseteam i barnehagane; Alle barnehagane har fått tilbod frå kommune om to helseteam.

Kurs og opplæring etter sentrale føringar med fokusområder frå staten.

Studietur for leiarane i barnehagane hausten 2018 til Oslo der realfag og planarbeid var tema.

Prosjekt tidleg innsats er vidareført etter plana.

Tiltak	Status
Leiarssamling for alle styrarane i barnehagen	8 samlingar
Regelsamling for barnehagesektoren	2 samlingar
Dialogmøte med barnehagane	2 samlingar

6.6 Grunnskulen i Meland

6.6.1 Diverse overordna forhold

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Skulefritidsordninga skal gje elevane i 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn. Tilbodet følgjer ordinær skulerute. Som ein del av skuleeigar sitt oppfølgingsansvar skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa (opplæringslova §13-10). Neste tilstandsrapport blir lagt fram for drøfting i Utval for levekår og Kommunestyret hausten 2019.

Elevtal

Tal på elevar busett i Meland kommune	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Talet på elevar samla	1 072	1 133	1 154	1 158	1 194	1 247
Sum kommunale skular	1 013	1 047	1 071	1 084	1 125	1 174
Grasdal skule	100	116	129	142	156	167
Sagstad skule	337	360	376	376	415	457
Vestbygd skule	175	180	194	194	200	191
Rossland skule	245	237	232	232	225	220
Meland ungdomsskule	156	154	140	140	129	139
Barn frå Meland i private skular	59	86	83	74	69	73
Sum elevtal Danielsen Ungd.skule	81	131	145	137	152	169

Skuleåret 2018-2019 er det 1.247 born i grunnskulealder i Meland kommune, ein auke på 43 frå året før. Av desse går 1.174 i den offentlege skulen, medan 73 går i private skular. Sagstad skule har størst elevtalsauke med 42, medan Grasdal og Meland Ungdomsskule og har vekst i elevtalet siste skuleår. Vestbygd skule og Rossland skule har nedgang i elevtalet. Danielsen ungdomsskule og elevar frå andre kommunar, og har sidan 2015-2016 hatt større elevtal enn Meland ungdomsskule.

Lærertetthet og utdanning	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
1.-7. trinn				
Meland kommune	12,5	11,9	11,3	11,1
Hordaland fylke	13,4	13,4	13,2	13,0
Nasjonalt	13,4	13,4	13,0	12,8
8.-10. trinn				
Meland kommune	13,4	12,6	12,0	13,6
Hordaland fylke	14,9	14,9	15,0	14,9
Nasjonalt	14,2	14,2	14,4	14,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning				
Meland kommune	99,9	99,9	99,0	99,9
Hordaland fylke	98,8	98,3	98,4	98,6
Nasjonalt	96,4	95,9	95,9	95,8

Indikatoren *lærartettleik* (1.-7. trinn og 8.-10 trinn) vert berekna med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og timar til særskilt norskopplæring for språklege minoriteter. Årsak til lågare størrelse på gjennomsnittleg undervisningsgruppe for skulane i Meland er knytt til språkdeling (som gjev mindre fleksibilitet) og spesialundervisning. Del av undervisning gitt av undervisningspersonell med godkjent utdanning er høg i Meland. Tala i tabellen over gjeld kun offentlege skular.

Læringsresultat

Grunnskolepoeng er gj.snitt av alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Tabellen under viser gj.snittleg grunnskolepoeng for kommunen, fylket og landet (kun offentlege skular).

Grunnskolepoeng	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Meland kommune	40,9	43,0	42,9	44,1
Hordaland fylke	41,3	41,5	41,7	42,2
Nasjonalt	40,7	41,1	41,4	41,7

Frå og med skuleåret 2014-2015 inngår standpunktarakteren i valfag i utrekninga av grunnskolepoeng. Meland kommune har dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt nivå, og i 2017-2018 hadde vi det beste resultatet mellom alle kommunane i Hordaland.

Nasjonale prøver i lesing og i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen Kunnskapsløftet (LK06).

Nasjonale prøver 5. trinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Engelsk				
Meland kommune	46	48	48	46
Hordaland fylke	49	49	50	50
Nasjonalt	50	50	50	50
Lesing				
Meland kommune	47	49	50	47
Hordaland fylke	49	49	50	50
Nasjonalt	50	50	50	50
Rekning				
Meland kommune	46	48	51	46
Hordaland fylke	50	50	50	50
Nasjonalt	50	50	50	50

Tabellen viser resultat frå nasjonale prøve 5. trinn dei siste fire åra. Meland kommune(kun offentlege skular) ligg siste året under nasjonalt snitt, i motsetning til fjoråret kor vi låg over nasjonalt gjennomsnitt. Resultatet kan variere ein del frå år til år når det er snakk om så få klassar vi snakker om for ein kommune på sørrelse med Meland. På tross av målretta satsing på kvalitet innan lesing og realfag ser vi utslag som over.

Nasjonale prøver 8. trinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Engelsk				
Meland kommune	50	50	47	49
Hordaland fylke	50	50	50	50
Nasjonalt	50	50	50	50
Lesing				
Meland kommune	50	51	46	47
Hordaland fylke	50	49	49	49
Nasjonalt	50	50	50	50
Rekning				
Meland kommune	49	50	49	48
Hordaland fylke	50	50	50	49
Nasjonalt	50	50	50	50

Tabellen viser resultat frå nasjonal prøve 8. trinn. Nivå for lesing og rekning ligg under nivå for fylket og landet. Også her ligg vi under landsgjennomsnittet.

Læringsmiljø

Skuleporten (Udir) presenterer data om læringsmiljø henta frå elevundersøkinga som vert gjennomført kvar haust. Delskår på trivsel for 7. trinn er lik nivå for fylket og landet.

Læringsmiljø 7. trinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Trivsel				
Meland kommune	4,5	4,4	4,3	4,2
Hordaland fylke	4,4	4,3	4,3	4,3
Nasjonalt	4,4	4,4	4,3	4,3
%-andel som har opplevde mobbing av medelever				
Meland kommune	4,3	7,7	6,1	4,3
Hordaland fylke	4,7	4,7	4,9	4,9
Nasjonalt	4,5	5,5	5,8	5,6
%-andel som har opplevde mobbing digitalt				
Meland kommune		*	3,0	1,7
Hordaland fylke		1,8	1,7	2,1
Nasjonalt		2,0	2,0	2,1

Læringsmiljø 10. trinn	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Trivsel (alle)				
Meland kommune	4,0	3,9	4,1	4,2
Hordaland fylke	4,4	4,3	4,3	4,3
Nasjonalt	4,4	4,4	4,3	4,3
%-andel som har opplevde mobbing av medelever (offentleg)				
Meland kommune	6,3	10,4	5,8	3,9
Hordaland fylke	3,7	5,4	5,8	4,6
Nasjonalt	4,2	5,1	5,6	4,8
%-andel som har opplevde mobbing av medelever (privat)				
Meland kommune	*	*	11,1	13,3
Hordaland fylke	5,1	6,2	5,2	5,1
Nasjonalt	4,2	4,9	5,5	4,4
%-andel som har opplevde mobbing av medelever (alle)				
Meland kommune	4,5	6,7	7,6	6,5
Hordaland fylke	3,8	5,5	5,7	4,6
Nasjonalt	4,2	5,1	5,6	4,7

Meland kommune har hatt ei nedgang frå 2017-2018 til 2018-2019 når det gjeld prosentdel elevar på 7. trinn som fortel at dei vert mobba av andre og som opplever digital mobbing. Her ligg vi og lågt når ein samanliknar med nivået i Hordaland og nasjonalt.

Når det gjeld 10 trinn har Meland kommune har hatt ein god utvikling når det gjeld trivsel generelt, og betring på mobbing dei siste åra, men med betydeleg forskjell på rapportert nivå i den offentlege og private skulen, med høge mobbetal i den private skulen dei siste åra. nedgang frå 2017-2018 til 2018-2019 når det gjeld prosentdel elevar på 10. trinn som fortel at dei vert mobba av andre.

Felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane

Kommunen har laga eit felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane. Felles vedtekne mål for skulane i planperioden 2018-2020 er:

- *Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015*
- *Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i både lesing og rekning*
- *Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen.*

Strategiar for å nå måla er:

1. Satsing på «Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø»
2. Satsing på realfag
3. Satsing på språk og lesing
4. Satsing på tidlig identifisering og innsats (tilpassa opplæring og spesialundervisning)

6.6.2 Grasdal skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2018	27,7	34,0	81 %	15 286	14 060	-1 226	108,7 %
2017	23,3	26,5	89 %	13 490	13 299	-191	101,4 %
Endring . 17-18	4,3	7,5	-7 %	1 796	761	-1 035	-7,3 %

Grasdal skule er ein 1. til 7. trinn skule med 156 elevar i skuleåret 2018-2019. Skulen har i 2018 meirforbruk på kr 1,2 mill i forhold til revidert budsjett. Netto driftskostnadar i 2018 er auka med kr 1,8 mill i forhold til 2017. Auken skuldast mellom anna ressursbehov knytt til born med særskilte behov. Auke i talet på tilsette og årsverk er finansiert delvis med statleg tilskot til Tidleg innsats i skulen. Vi fekk og auka budsjetttramma i 2018 til å dekke ei ny lærarstilling som følgje av større elevtal i 1.klasse, deling etter målform, behov for spesialundervisning og assistent til ny elev og til grunnleggjande norsk.

Meirforbruk i forhold til budsjett har fleire årsaker:

- Færre barn med full plass i SFO, som reduserer inntektene frå eigenbetaling.
- Årsverknad av auka bemanning frå hausten 2017, ikkje korrekt budsjettert.
- Kostnadar knytt til vidareutdanningsprogram for lærarar
- Auke i kommunale vedtak om skyss grunna farleg skuleveg og spesialskyss
- Auka behov for nytt undervisningsmateriell.

Vi brukar Leselos og lokal Leseplan som program og verktøy i undervisninga. Vi har jobba med tilpassa opplæring og betre kartlegging av elevane sitt utbyte av opplæringa. Vi opplever at fleire elevar har store åtferdsvanskar, og det krev mykje tilrettelegging og vaksenressursar. Vi prøver å gi elevar alternative opplæringsarena og aktiv læring ute i ulike elevgrupper.

Vi arbeider med Zippy- eit program for psykisk helse i skolen. Det er eit viktig ledd i vårt systematiske arbeid med barna sin sosiale kompetanse. Vi har arbeid mykje med oppfølging av endring av Opplæringslova §9a-4, Trygt og godt skulemiljø, og fylgjer rutinar for varsling og Tiltaksplan for enkeltelevar. Vi har hatt god erfaring med å drøfte saker i eit team for Trygt og godt skulemiljø ved skulen.

Satsinga på realfag har på Grasdalen skule resultert i utforskande og undersøkinge læringsmetodar, fokus på dialog og språk i klasserommet, og ekskursjon til Vil vite for 6. og 7.trinn. Vi har delteke i kommunalt og lokalt realfagsnettverk for skulane og barnehagane. Saman med Espira Marthahaugen barnehage har vi fått til eit spennande samarbeid med realfagsveke i juni, og fagleg kompetanseutvikling med tema Rekning som grunnleggjande ferdigheit, og Rekning i alle fag. Dette med rettleiing frå Høgskulen på Vestlandet. I personalet har vi arbeida med Utdanningsdirektoratet sine realfagsløyper.

Elevundersøkinga for hausten 2018 viser ein lav andel elevar som svarar at dei vert mobba. Positiv forsterkning og felles ansvar for elevane sitt læringsmiljø er vår pedagogiske plattform.

6.6.3 Meland Ungdomsskule og vaksenopplæring

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	24,8	28,5	87 %	17 333	17 040	-293	101,7 %
2017	25,7	29,4	87 %	16 223	16 170	-53	100,3 %
Endring . 17-18	-0,9	-0,9	0 %	1 110	870	-240	-1,4 %

Meland vaksenopplæring

Meland vaksenopplæring (VO) tilbyr undervisning til vaksne som har rett etter § 4 A-1 og § 4A-2 i Opplæringslova. Det er tre lærarar og ein logoped tilsett i VO, fordelt på 1,4 årsverk. Timetildeling til elevane er lågare ettersom fleire elevar sluttar i VO enn det kjem nye til. VO har også skuleåret 2018-19 gjeve tilbod om logopedtenester for vaksne. VO samarbeider med GLØDE i oppfølginga av fleire elevar.

Meland ungdomsskule

Meland ungdomsskule har 141 elevar skuleåret 2018-19. Det er venta auke i elevtalet framover, slik at vi går frå å vere to til tre klassar per trinn. Hausten 2019 startar vi med tre klassar på 8.trinn, samstundes som vi får relativt mange elevar med særskilte behov. Skulen skal difor utvidast med nye modulbygg frå august 2019.

Skulen har 27 tilsette, der fem av dei er assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar og ein merkantilt tilsett. For 2018 hadde skulen eit lite overforbruk. Årsaka er kostbare tiltak kring einskildelevar og arbeid med å sikre trygt og godt skulemiljø. Hausten 2018 starta vi i samarbeid med Sagstad skule og NAV opp med ei innføringsklasse for ei gruppe flyktningborn i ulik alder som treng intensiv norskopplæring.

Skulen deltek i dei kommunale satsingsområda lesing og realfag. Frå haust 2018 har vi starta ei nybrottsarbeid med realfagssamarbeid mellom ungdomsskule og barnehage. Elevane våre har saman med 5-åringane dissekert ku-auge og lært om linser og lys, og dei har også samarbeida om koding av minirobotar. Skulen har lagt vekt på aktivt førebyggingsarbeid, som også inkluderer dei utfordringane som gjer seg gjeldande i fritida til elevane. Vi har dei siste åra prioritert obligatorisk kveldsskule for alle elevar og foreldre der ulike førebyggingsperspektiv er tema. For 2018 handla det om livsmeistring, noko ein finn igjen som overordna tema i ny læreplan. Kveldsskule er kostnadskrevjande arrangement, men er ønska i FAU og vurdert både av foreldre, skule og samarbeidsetatar som nyttig ressursbruk. Resultata på elevundersøkinga syner låge mobbetal.

Meland ungdomsskule har ikkje gymsal eller anna lokale som rommar alle elevane, og vi kan ikkje ha fellessamlingar med alle elevane eller arrangement der heile skulen samla. Skulen har difor prioritert å leige lokale i Folkehøgskulen og Meland Aktiv ved ulike arrangement for 2018, noko som medfører ekstra kostnader. Det er fortsett ei utfordring at elevane må gå ut av skulen sitt område i skuletida for å gå til undervisning på folkehøgskulen eller i Meland aktiv. Det er også ein del vedlikehaldsarbeid som er kostnadskrevjande fordi vi har eit gammalt skulebygg, t.d. er ikkje elektrisitetssystemet bygga ut for dagens bruk av PCar.

6.6.4 Rossland skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	42,0	49,9	84 %	25 473	25 260	-213	100,8 %
2017	41,8	48,9	85 %	24 562	24 711	148	99,4 %
Endring . 17-18	0,2	1,1	-1 %	911	550	-361	-1,4 %

Rossland skule er ein 1 til 10-skule, der ungdomstrinnet får elevar frå både Rossland og Vestbygd skule. Skulen har totalt 220 elevar, ein nedgong på 5 frå året før. Vi har plass til fleire elevar på alle klassetrinna. Ungdomstrinnet mister kvart år nokre elevar til Danielsen ungdomskule på Frekhaug, og vi opplever noko bevegelse av elevar mellom ungdomskulane i kommunen.

Skulen har vore gjennom ein periode med naudsynt vedlikehald, og dette året har ein fornya skulekjøkkenet. Dermed er det berre musikkrom ein manglar for at trongen for spesialrom skal vera stetta. Slik som situasjonen er no, må musikkundervisninga og naturfagsundervisninga dele rom. Dette er ikkje ideelt.

Skulen satsar framleis på lesing som grunnleggjande ferdigheit på alle trinn, og fokuset har vore på lesestrategiar og omgrepsforståing. Skulen har sett dette prosjektet saman med realfagssatsinga, og vi arbeider med å tilnærma oss lærestoff på ein meir undrande og utforskande måte. Vi deltar i kommunale og regionale nettverk i samband med utviklingsprosjekta. Vi har i år satsa på at kvar elev i 8. klasse har disponert si eiga datamaskin i undervisninga. Dette skapar ei mykje større fleksibilitet i undervisninga, og dei digitale verktya vi nyttar kan vere kompenserande hjelpemiddel for elevar som har ulike utfordringar. Skulen har tatt i bruk ny læringsplattform, og gått over til Office365, ei skybasert kontorverktypakke. Mykje av utviklingsfokuset dette året har vore implementering av desse digitale verktya.

Neste skuleår vil vi arbeide med førebuing til innføring av nye læreplanar. Allereie no ser vi at den digitale infrastrukturen til elevane er svært utfordrande i høve til å stetta krava til digital kompetanse som er ein av dei grunnleggjande ferdigheitene i Fagfornyninga.

6.6.5 Sagstad skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	62,5	71,0	88 %	32 807	32 210	-597	101,9 %
2017	60,4	69,0	88 %	31 436	31 463	27	99,9 %
Endring . 17-18	2,1	2,0	1 %	1 371	747	-625	-1,9 %

Sagstad skule er ein 1 til 7 skule med ca. 460 elevar og ca 70 tilsette. Talet på elevar og klassar er framleis aukande og vil gjere det nokre år til før vi reknar med at klassetalet stabiliserar seg medan elevtalet nok framleis vil auke. Skulen auka med 2,1 årsverk frå 2017 til 2018. Dette skuldast klasseauke og auka administrasjonsressurs.

Skulen hadde eit meirforbruk på kr 597.000,- i 2018. Mykje av meirforbruket skuldast at vi i periodar har hatt høgt sjukefråvær , samt at det ligg et overforbruk knytt til SFO, både når det gjeld bruk at tilsette og tapte inntekter frå foreldrebetaling. Skulen har og i 2018 fått vesentlig mindre til tidleg innsats 1.-4. trinn enn det som vart budsjettert.

Det siste året har skulen hatt fokus på kompetanseheving i høve til klasseleiing og tilpassa opplæring, mellom anna i samarbeid med PPT. Spesielt tilpassa opplæring har vi hatt mykje fokus på, og det arbeidet blir og vidareført inn i 2019. Dette er nært knytt til eit prosjekt vi har hatt i samarbeid med PPT der vi har jobba for ei endring frå spesialundervisning til betre tilpassa opplæring. Vi har sett meir på behova til kvar einskild elev og omdisponert ressursar frå spesialundervisning til det ordinære opplæringstilbodet for at fleire elevar skal ha utbyte av det ordinære opplæringstilbodet.

Talet på elevar som fekk spesialundervisning blei redusert frå 8,4% til 5,3% noko vi seier oss svært nøgd med. Det siste året har skulen lagt under lærarnorma. Konsekvensen at dette er at fleire av elevane vi har klart å ivareta ved hjelp av tilpassa opplæring innan det ordinære opplæringstilbodet ikkje lengre har eit tilfredstillande utbyte av opplæringa. Talet på elevar som får spesialundervisning er dessverre aukande, i og med at skulen ikkje har nok ressursar til å ivareta desse elevane.

Det siste av satsingsområda til skulen har vært digital kompetanse hos dei tilsette, og vi har jobba mykje med kompetanseheving i høve til Office 365 og den nye læringsplattformen Canvas. Også i 2018 har skulen hatt utfordringar knytt til brakker i samband med utbygging. Heile skulen blei ikkje tatt i bruk før i siste halvdel av mars. I juni hadde vi ein flott opningsfest for den nye delen av skulen med tilsette, elevar, føresette og inviterte gjestar.

Det har vore utfordrande at utbygginga av skuleplassen har pågått medan det har vært full drift av skulen. I 2019 kjem skulen til å ha fokus på å drive enda betre tilpassa opplæring og har no eit tettare samarbeid med PPT rundt kompetansehevinga i personalet på dette området. Frå hausten 2019 kjem vi til å gå inn i Fagfornyninga for fullt, slik at vi er førebudd når den nye læreplanane kjem hausten 2020. Innhaldet i Fagfornyninga viser og at skulen treng satse vidare på kompetanseheving innafør bruk av digitale verktøy.

6.6.6 Vestbygd skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	36,5	42,3	86 %	20 371	19 920	-451	102,3 %
2017	34,1	41,0	84 %	18 154	18 258	104	99,4 %
Endring . 17-18	2,4	1,3	3 %	2 216	1 662	-554	-2,8 %

Vestbygd skule er ein barneskule med 196 elevar, fordelt på 12 klassar. Elevtalet har dei siste åra vore stabilt. Dette skuleåret er det to klasstrinn som ikkje har språkdeling. Elevtalet per trinn samt språkdeling medfører at ein har liten fleksibilitet i høve til gruppeorganisering. Skulen har i 2018 hatt 42,3 tilsette som arbeidar 36,5 årsverk. Vi har dei siste åra hatt ei auke på tilsette som følgje av auka tal elevar med spesielle behov, samt satsinga «Tidlig innsats 1.-4. klasse». I tillegg til dette har skulen ei prosjektstilling knytt opp mot innføringstilbod for minoritetspråklege elevar med flyktningebakgrunn.

Dette året har vi hatt skifte i leiinga på skulen. Rolf Inge Fyllingsnes gjekk av med pensjon i slutten av juni, elevane og skulen hadde ei fin avslutningsstund ilag med han. Monica Vabø Reigstad tok over som rektor på Vestbygd i juli 2018.

Hausten 2018 har Vestbygd skule arbeidd med utvikling av digitale røynsler og innføring av den nye læringsplattforma Canvas. Dette er eit arbeid ein kjem til å vidareutvikla i framtid. Ein har òg arbeidd målretta med forståing av felles reglar, noko ein kan sjå resultat av på elevundersøkinga 2018. - Denne syner at elevane er nøgd med læringskultur, meistring og handsaming av felles reglar. Vestbygd skule har som mål å ha aktive og utforskande elevar. I realfagsatsinga her på skulen er ein i prosess med å utvikla ein årsplan for uteskuleaktivitetar. Vestbygd realfagnettverk har arbeida med å utvikla eit felles uteområde, som både barnehageborn og elevar kan nytta. Nettverket har fått veiledning frå Høgskulen på Vestlandet.

Skulen har fokus på §9A - 4 i Opplæringslova som omhandlar eleven sin rett til eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Elevundersøkinga syner ein nedgang i trivnad og motivasjon. Dette er noko alle dei vaksne på og kring skulen tar på alvor. Ein har hausten 2018 hatt eit tett samarbeid med prosjektet «Trygt og godt oppvekst – og skulemiljø» og Ungdomskontakten Salto.

I 2018 har skulen fått tilrettelagt for framkomst kring heile skulen. Området framom hovudinngangen har fått fast dekke. Skulen har òg fått nye leikeapparat som skal setjast opp våren 2019. I tillegg har det blitt montert opp matter under eksisterande leikeapparat på uteområdet, dette for å førebygge skader.

6.7 Helse

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	37,6	44,8	84 %	29 506	27 940	-1 566	105,6 %
2017	36,8	43,5	85 %	26 775	27 489	715	97,4 %
Endring . 17-18	0,7	1,3	-1 %	2 732	451	-2 281	-8,2 %

Tenesteområde har meirforbruk på kr 1,6 mill. i 2018. Vi har auke i årsverk og tilsette knytt til helsestasjon, skulehelse og psykisk helsearbeid som er finansiert direkte gjennom ulike tilskotsordningar i statsbudsjettet. Kapasiteten i fastlegetenesta varierer gjennom året, men er litt knapp med tanke på å sikre legebytte. Legevakt og akuttsenger 24/7 er etablert i Knarvik gjennom interkommunalt samarbeid.

Arbeidsområde:

Legetenester.

Består av både kurativt og offentleg legearbeid. Den kurative delen inneheld fastlegetenestene, legevakt i kommunen på dagtid og gjennom interkommunalt samarbeid døgnet elles. Det offentlege legearbeidet er tenester til Meland sjukeheim, heimetenesta, helsestasjon, skulehelsetenesta og psykososialt kriseteam.

Pr desember 2018 har 9 legar fastlegeavtale med kommunen. Fleire har deltidsavtale.

8 av legane er spesialist i allmenmedisin, medan 1 er spesialist i barnesjukdomar.

I tillegg vert det utført Samfunnsmedisinske legetenester, mellom anna kommuneoverlegefunksjonen, der sentrale arbeidsfelt er smittevern, miljøretta helsevern, planarbeid, beredskapsfunksjonar og arbeid med folkehelse. Helsetenesta tek del i ei rekke interkommunale samarbeidsorgan og samarbeid med sjukehusa. Viktige oppgåver i 2018 har vore arbeid innan temaene fødselshjelp, pandemi, kommunale døgnssenger og psykisk helsevern.

Tal ordinære fastlegekonsultasjonar:

	Helsenaustet legepraksis	Frekhaug legesenter
2015	5.490	12.865
2016	5.817	12.448
2017	5.987	12.529
2018	6.564	11.880

Psykisk helseteneste og rusvern for personer > 18 år.

Området er styrka dei siste åra gjennom statlege øyremerka tilskot. Kommunen overtek ansvaret for stadig dårlegare pasientar etter kvart som døgnplassar i spesialisthelsetenesta vert redusert.

Kommunen har og eit psykososialt kriseteam. Det vart i 2018 tilsett kommunepsykolog i nyoppretta stilling. Denne stillinga er organisert under Avdeling for psykisk helse og rus, men gir tenester på tvers av avdelingar og sektorar.

Avdeling for psykisk helse og rus har 11,3 årsverk, inkludert kommunepsykolog. Av desse er 2 årsverk planlagt omgjort frå engasjement til faste stillingar (gjennomført i januar 2019). 3 av årsverka er knytt til rustenesta, og finansiert gjennom statlege tilskot. Alle tilsette har relevant

høgskuleutdanning med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid. Pr. 31.12.18 hadde tenesta 152 aktive pasientar og 15 pårørande i rettleiing. I 2018 kom det inn 75 nye på tilvisning frå lege / spesialisthelsetenesta, medan 56 pasientar fekk avslutta behandlinga. I alt 40 pasientar har behov for heilskapleg og koordinert tenestebehov. Dei tre største diagnosegruppene er:

- 1) Depresjon og angst, 2) Psykose / schizofreni. 3) Rus / psykiatri.

I tillegg til individuell behandling har avdelinga ulike gruppetilbod, som kurs, trim, brukerstyrt kafé, innan fattigdom og avdelinga gjev fagleg støtte til andre avdelingar knytt til aktuelle brukargrupper (t.d. flyktningar).

Helsestasjons- og skulehelseteneste.

Tenesta omfattar lovpålagd arbeid frå lege, helsesøster og jordmor innan svangerskaps-oppfølging, barseloppfølging, barnekontrollar og vaksinasjonsprogram. Helsesøster er tilstades på alle 6 grunnskulane, og helsesøster og lege tek del i skulehelseteam. Dette området vart styrkt også 2018 med 0,8 årsverk gjennom statleg opptrappingsplan.

I 2018 vart det fødd 99 barn i Meland, framleis ein nedgang frå tidlegare år. Samstundes er det framleis tilflytting, slik at det er auka i talet på born som vi skal levere tenester til. Det er utført 497 ordinære helsekontrollar i barnekontrollprogrammet (likt tal som i 2017). I tillegg kjem vaksinasjonar og oppfølgjande kontrollar, ulike gruppetilbod, oppfølging av flyktningar og all teneste i skulehelsetenesta.

Tenesta har 6,2 årsverk helsesøster (auka med 0,8 frå skuleåret 2018/2019) og 0,7 årsverk helsesekretær. Helsestasjonen har tett samarbeid med fastlegane og jordmødrene om barselomsorg. Helsestasjonen tek del i ei rekke team og tverrfagleg arbeid med andre tenester i og utanfor kommunen. Helsestasjonen arrangerer, og tek del i, fleire ulike kurstilbod for barn og familiar (t.d. ICDP-foreldrerettleiingsgruppe). I august 2018 vart det starta opp Helsestasjon for ungdom (HFU) ved Frekhaug helsestasjon, ein ettermiddag i veka. Dette er finansiert gjennom tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet.

Fysioterapitenester.

Det er 9 fysioterapeutar i kommunen. Av desse er det 5 avtaleheimlar i varierende storleik (50-100%), 1 er i kombinert stilling / heimel og 3 personar i 100% stilling. Det vert gjeve fysioterapitilbod til pasientar ved Meland sjukeheim, tilbod til heimebuande med rehabiliteringsbehov, og til barn og unge med særskild behov for habilitering og rehabilitering.

To av årsverka er knytt til barn og unge, hvorav 1 er midlertidig engasjert på tilskotsmidlar. Dei kommunalt tilsette fysioterapeutane samarbeider med kommuneergoterapeut, søker om hjelpemidlar og deltek på utprøving av hjelpemidlar. Kommunefysioterapeut er også med i eit team knytt til kvardagsrehabilitering.

Individuelt tilbod	Tal på personar	Stillingar/avt.heimlar
Fysioterapi barn/unge	151 (32 habiliteringsbarn)	1,0 fast 1,0 engasjement
Fysioterapi vaksne/eldre	116 (34 rehabilitering)	1, 4
Frekhaug fysioterapi	491	3,25
Cyriax Clinic Frekhaug	310	1,0

Ergoterapitenester.

Kommunen har 1,0 årsverk for ergoterapeut. I 2018 er det gitt bistand til 217 unike brukarar, fordelt på aldergruppene: 0-18 år: 23, 18-67 år: 65, og 67+: 129. Av desse har 18 fast plass på Meland sjukeheim. Det er skreve i alt 108 søknadar, hvorav 60 er rekna som tidkrevande (større tekniske innretningar med opplæring / dokumentasjon mv.). Det er skreve 436 enklere skjema, men med dels behov for tidkrevande oppfølging. Ergoterapeut har hatt 72 heimebesøk og konsultasjonar. Ergoterapeut tek del i arbeid og prosjekt knytt til kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Auke i arbeidsoppgåver og folketal gjer at det er kapasitets-utfordringar for denne tenesta.

6.8 NAV / sosiale tenester

Arbeidsområder

- Betre levekåra for vanskelegstilte
- Bidra til høgare sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv
- Tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv med fokus på ungdom under 24 år.
- Flyktingar skal integrerast i ordinære bumiljø. Målet er at busette flyktingar skal klare seg sjølve etter gjennomført introduksjonsprogram.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2018	10,2	11,0	93 %	8 740	12 280	3 540	71,2 %
2017	9,8	11,0	89 %	11 204	12 284	1 080	91,2 %
Endring . 17-18	0,4	-	4 %	-2 464	-4	2 460	20,0 %

Resultatet i 2018 er betre enn budsjettert med kr 3.5 mill. Dette skuldast i hovudsak høgare innbetaling av tilskot til flyktingar enn budsjettert. Vi har og noko høgare refusjon knytt til ressurskrevjande tenester enn budsjettert, og vi har høgare refusjonar på personalkostander frå NAV stat og for inntekter knytt til tenester for andre kommunar/NAV kontor.

Det har vore ein nedgong i talet på heilt ledige frå januar 2018 til januar 2019. I januar 2018 utgjorde heilt ledige i Meland 2,6 % mens talet for januar 2019 er 2,2%. Meland har ein liten auke frå 2017 til 2018 i talet på innbyggjarane som fekk sosial stønad. Utbetaling av sosialstønad er lågare i Meland enn i andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med.

Meland har likevel hatt ein auke i utbetaling av sosialstønad på rundt 10 % frå 2017 til 2018. Ein del av auken skuldast høgare straumprisar. Det er grunn til å tru at innstrammingar på statlege ytingar som til dømes Arbeidsavklaringspengar og uføretrygd har hatt verknad på auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Det er få personar som i 2018 har hatt sosialstønad som einaste inntekt.

Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid/tilsyn

NAV har eit eige kvalitetssystem for måling. «Målekortet» viser dei prioriterte indikatorane for 2018.

Namn	Meland	Mål (fastsatt sentralt)
Andel med gradert sykemelding ved passering 12 uker	43 %	43 %
Andel arbeidssøkere med overgang til arbeid	74 %	68 %
Andel personer med nedsatt arbeidsevne med overgang til arbeid	46 %	43 %
Andel virksomheter som har fått arbeidsmarkedsbistand frå NAV	67 %	35 %
Andel gjennomførte dialog 2 innen 26 uker	76 %	77 %

NAV Meland har tett samarbeid med arbeidsgjevarane. Dersom ein legg NAV sitt indikatorsystem til grunn, er Meland det kontoret i Hordaland som har høgast arbeidsgjevarkontakt i 2018 og i 2017.

NAV Meland har ikkje hatt tilsyn i 2018.

Brukarar

Brukargruppe	2018	2017	2016	2015	2014
Antal brukarar som mottok sosialhjelp	203	194	192	175	204
Andel av innbyggjarane som mottok sosialhjelp	2,5%	2,4%	2,4%	2,2%	
Unge einslege under 25 år som mottok sosialhjelp	26	21	22	24	21
Einslege med born som mottok sosialhjelp	40	44	47	37	49
Arbeidsløysa i januar	2,2% (jan 2019)	2,6% (jan. 18)	4,3 % (jan 17)	3,9% (jan 16)	3,4 % (jan 15)

Talet på unge under 25 år som mottar sosialstønad er høgare enn året før . Unge som søker sosialhjelp er brukarar vi er særmerksame på. Det er viktig å hindre at brukarar generelt og ungdom spesielt ikkje vert passive mottakarar av stønader. Vi set vilkår til unge ledige.

NAV vil arbeide både med sjølve brukarmøtet og prøva å ver tydeleg på kva den enkelte kan vente av NAV og kva NAV kan vente av den enkelte.

Utviklingsoppgåver

Ungdomsarbeidsløyse er urovekkande sjølv om den er redusert frå 2017 til 2018. Vi er tett på ungdom og har etablert eit stramt «regime» for å fylgje opp ledige ungdommar. Vi har gode erfaringar med «Ung jobb» . I statistikken over ledige ungdommar har Meland få ungdommar som vert klassifisert som «langtidsledige». Vi har hatt ein auke i ungdom under 30 år som vert vurdert å ha nedsett arbeidsevne. Det er viktig at NAV i samhandling med alle instansar bidreg til at ungdommane finn sin plass i skule, utdanning og/eller arbeid.

Kommunen skal tilby eit fulltidsprogram i introduksjonsprogrammet for flykningar. Vi kjøper tre dagar med norskundervisning av Lindås læringscenter. Dei to andre dagane skal deltakarane vera i språkpraksis. Det er ein utfordring å skaffe nok språkpraksisplassar. Vi har eit godt samarbeid med frivilligsentralen med mellom anna lekseverkstad på NAV dei dagane deltakarar i introduksjonsprogrammet ikkje har norskundervisning eller språkpraksis. Manglande språkkunnskap er det største hinderet for å få jobb og lekseverkstaden er eit nyttig tiltak.


Meland har hatt gode resultat for deltakarar som har gått ut av introduksjonsprogrammet. I fjor var Meland den tredje beste kommunen i Hordaland for overgang til arbeid og skule etter endt introduksjonsprgram. Vi er likevel ikkje nøgd med resultatet då vi ser at langt frå alle klarer å nyttiggjera seg introduksjonsprogrammet like godt. Vi arbeider difor med å utvikle fleire spor i introduksjonprogrammet med fokus på kvinner og sosialt entreprenørskap og for busette flykningar som ynkjer å starte eigen verksemd. Vi har mottatt støtte frå Hordaland fylkeskommune på 1,1 mill kroner over to år til prosjektet om sosialt entreprenørskap.

6.9 Barnevern

Arbeidsområde

- Sikre at barn som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling får støtte og hjelp
- Bidra til at barn får trygge oppvekstvilkår.
- Dersom barn ikkje får tilstrekkeleg hjelp og god nok omsorg kan barnevernet overta omsorga.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Tall i 1000 kr			
				Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	7,8	8,0	97 %	14 960	13 170	-1 790	113,6 %
2017	9,0	9,0	100 %	13 930	12 674	-1 256	109,9 %
Endring . 17-18	-1,3	-1,0	-3 %	1 030	496	-534	-3,7 %



Tal i kr	Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)				Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)			
	2015	2016	2017	2018	2015	2016	2017	2018
1243 Os	23 105	14 147	13 483	7 894	323 962	298 838	387 145	337 458
1245 Sund	59 771	61 820	73 556	-	361 880	368 433	364 000	600 179
1246 Fjell	32 019	35 570	68 201	66 472	381 462	361 759	422 506	413 165
1247 Askøy	43 620	31 316	28 588	26 504	437 729	425 227	602 750	657 230
1256 Meland	14 889	7 761	9 115	18 842	327 524	472 750	364 038	372 333
1259 Øygarden	36 750	93 113	36 761	41 721	269 933	241 235	266 045	304 682
1260 Radøy	75 875	52 885	31 017	45 167	336 375	469 583	489 462	501 778
1263 Lindås	36 761	39 041	44 056	50 231	497 328	498 770	690 095	655 971
EAKUO Landet uten Oslo	33 347	34 874	37 963	39 560	376 779	392 767	429 998	442 356
EKA12 Hordaland	40 099	39 329	43 447	41 625	387 882	394 007	440 419	465 278
EKG08 KOSTRA-gruppe 8	33 289	31 547	31 246	34 121	374 908	383 632	386 613	408 797

Nøkkeltal og drift

Det er utfordrande å budsjettere barnevernsområdet. Meirforbruket på kr 1,8 mill. i 2018 skuldast fleire plasseringar og auka kjøp av tiltaksplassar. KOSTRA-tala syner likevel at utgiftsnivået i tenesta er moderat samanlikna med andre kommunane i vår kommunegruppe, og omliggjande kommunar i Hordaland. Meland kommune bruker om lag kr 7.170,- per barn i aldersgruppa 0 – 17 år til barnevernstenesta. Til dømes bruker Lindås kommune meir enn det doble, kr 15.550,- per barn 0 - 17 år.

Sjølv om vi har eit relativt lågt utgiftsnivå meiner vi at kvaliteten på tenestene og det faglege nivået i tenesta er godt, med eit personale som har god kompetanse og lang røynsle på fagfeltet. Den hjelpen

vi kan gje står likevel ikkje alltid i forhold til det behovet for hjelp som vi ser. Barnevernet i Meland er frå utgangen av 2018 slått saman med i eit interkommunalt samarbeid med Radøy og Lindås kommunar.

6.10 Meland sjukeheim

Arbeidsområde

Meland Sjukeheim har i 2018 hatt eit utfordrande år med stort press på tenesta i høve til sjukeheims plassar. I periodan har det vore overbelegg då pasientar har vorte liggande på sjukehus i påvente av ledig plass ved korttidsavdelinga. Sjukeheimen har hatt fokus på at den enkelte pasient skal få oppleve mening, tillit, bli møtt med respekt, god omsorg og gode opplevingar som sentrale faktorar i kvardagen. Kompetansehevande tiltak har vore vektlagde med nettverksarbeid, vidareutdanning, kurs og kvalitetsforbetring.

Meland Sjukeheim har avdelingane / tenestene:

- Norgardstunet - langtidsavdeling er utvida og har 22 pasientar.
- Lerketunet – langtidsavdeling gir teneste til 12 pasientar som lever med demenssjukdom.
- Solkroken - korttids- og rehabiliteringsavdelinga har plass til 9 pasientar. I tillegg har eit pårørande rom vore nytta ved overbelegg. Eit pårørande rom er nytta til treningsrom dersom dette er ledig.
- Natteneste – er også i 2018 organisert som ei teneste for både sjukeheimen og heimesjukepleia.
- Dagsenter - dagavdeling for heimebuande personar. I tillegg kan sjukeheimepasientar nytta dagsenteret etter oppsatt plan.
- Institusjonskjøkken – leverer mat til sjukeheimen, dagsenteret og varm middag til heimebuande personar med innvilga heimeteneste. I tillegg vert det laga middag til Eldresenteret kvar 2. tysdag.
- Logopedteneste: 50 % stilling med innvilga teneste etter helse- og omsorgstenestelova.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr	
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %	
2018	64,6	97,2	66 %	47 609	47 800	191	99,6 %	
2017	63,2	93,7	67 %	45 519	45 065	-454	101,0 %	
Endring . 17-18	1,4	3,5	-1 %	2 090	2 735	645	1,4 %	


Tabellen viser at gjennomsnittet i % stilling har auka og er no på 66 - 67 %. Ser ein tilbake til 2014 var gjennomsnittet i % stilling på 55%. Ved dei store pleieavdelingane har ein stort sett tilsette i heile stillingar eller over 85% stillingar. Slik sett kan ein sei at ein har innført heiltidskultur ved sjukeheimen. Alle avdelingar har likevel helgestillingar slik at «turnusen» går opp.

Sjukefråværet ved Meland Sjukeheim har vore høgt i 2018 og målet om eit nærvær på over 90 % vart ikkje nådd. Nærværet for 2018 var på 85,4%. I 2017 var det 86,7%. Det vart på hausten 2018 satt i gang tiltak saman med bedriftshelsetenesta og personalavdelinga for å sjå nærare på dette og arbeidet vert vidareført i 2019.

Liggedøgn ved institusjonen og innvilga plassar:

Tabellen under viser auke i tal på aktive liggedøgn frå 11.428 liggedøgn i 2013, til 15.697 liggedøgn i 2018. (12.809 i 2014, 13.793 i 2015, 14.239 i 2017, 15.348 i 2017 og til 15.697 i 2018).

Tenesteauken har vore stor og utfordrande i høve til å ha tilstrekkeleg personell og sikra rett og god kompetanse til ei kvar tid.



Bruken av pasientrom 2013 - 2018:

	Avd - Pasient rom	31.12.13	31.12.14	31.12.15	31.12.16	31.12.17	31.12.18
Nordgards-tunet	Gruppe A	14	10	10	10	14	14
	Heimeten. kontor	0	4	4	4	0	0
	Gruppe B	9	8	8	8	8	8
Lerketunet	Avdeling D	12	12	12	12	12	12
Solkroken	Avdeling C	0	7	7	7	7	7
Lindrande eining	Pasientrom		(1+)1	2	2	2	2
	Pårørande-rom (I periodar er rommar brukt til pasientar v/ overbelegg)		2	2	Over-belegg 2	Over-belegg 1-2	Over-belegg 1-2
Sum		35	36	39	39 + 2	43	43

Tabellen viser auke i bruk av pasientrom frå 35 plassar pr 31.12.13 til 43 pr 31.12.2018.

Per 31.12.2018 var det overbelegg ved korttidsavdelinga og ein måtte bruka pårøranderom til pasientrom då det var ferdigbehandla pasient ved sjukeheuset.

Andre tenester:

Logopedtenesta skal til ei kvar tid være tilgjengeleg for klientar med akutte helsebehov.

I 2018 har tenesta brukt ca. 266 timer med direkte klientarbeid fordelt på 14 klientar.

Sjukeheimslege:

Frå våren 2018 har tre legar delt på ansvaret mellom seg på ulike dagar. I tillegg har det vore ein turnuslegar to dagar i veka i periodar.

Brukarar og aktivitetar.

Meland Sjukeheim arbeider for at pasientane skal få ei individuell, kvalitativ og god teneste. Det vert laga individuell pleieplan med tydelege tiltak og kvar pasient har eigne primærkontaktar.

I 2018 arrangerte vi Meland Games for første gong. Vi samarbeidde med kjøkkenet og frivillige frå frivilligsentralen. Det vart laga til kjekke aktivitetar ute og servert flott forfriskning.



Andre tiltak:

- Kvar veke lagar Frivilligsentralen til sosiale samlingar for pasientane ved Nordgardstunet.
- Alle avdelingar har Motitec-syklar og dette gjev aktivitet med auka helsegevinst. Det vart arrangert sykkel VM for eldre der mange pasientar / brukarar deltok også i 2018.
- Det vert satsa på kulturelle innslag gjennom året.
Rundt dei ulike høgtidene har skulemusikk, kor og andre frivillige stilt med musikk og underhaldning.
- Det er samarbeid med kyrkja og andre forsamlingar med andakt kvar torsdag.
- Sjukeheimen har og samarbeid med barnehage som kjem på besøk kvar 2. veke.
- Frivillig frå Røde Kors tilbyr tur i nærområdet til bebuarar på korttidsavdelinga (Solkroken).
- I 2018 har det vore eitt felles pårørandemøte for heile sjukeheimen. Dette aggangerte leiarane saman med institusjonslegen, vår 2018.
- Dagsenteret har arrangert flott basar vår 2018 der dei innkomne midlane går til trivselstiltak for bebuarane ved Sjukeheimen og brukartar av dagsenteret. Bla arrangerer dei turar og andre sosiale samankomster gjennom heile året.

Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/ tilsyn / utvikling:

Meland Sjukeheim vektlegger fagleg utvikling, nytenking og kompetanseheving.

Satsingsområde i 2018 har vore:

- Vi starta arbeidet med prosjektet «Livets siste dagar» med opplæring for alle tilsette.
- Vi har ein mål- og startegiplan som vert årleg oppdatert.
- Vi har vore med i eit læringsnettverk for «ledelse av pasientsikkerhet» forankra i Nasjonalt Pasientsikkerhetsprogram.
- Vi deltek i prosjekt samordning av velferdsteknologi for Radøy, Meland og Lindås.
- Vi er og med i Nasjonalt prosjekt for Velferdsteknologi – 10 kommune-prosjekt.
- Demens ABC, Regionalt nettverk, Lokal arbeidsgruppe demens ABC
- To sjukepleiarar har gått på vidareutdanning innan avansert gerontologi og ein sjukepleiarar har starta med vidareutdanning innan smittevern.
- Delta i utviklings- og samarbeidsform gjennom Kunnskapskommunen, Helse Omsorg (Beregn)
- Ein helsefagarbidar starta vidareutdanning innan rehabilitering haust 2018
- Haust 2018 starta ei gruppe tilsette frå langtidsavdelingane med kurs innan «Musikkbasert miljøbehandling»

6.11 Meland heimeteneste

Heimetenestene yter desse tenestene: heimesjukepleie

- praktisk bistand/opplæring
- brukarstyrt personleg assistanse
- Avlastning
- omsorgsløn
- støttekontakt
- tildeling av omsorgsbustad
- tryggleiksalar

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2018	77,1	106,4	72 %	66 735	65 970	-765	101,2 %
2017	77,4	111,9	69 %	66 121	61 916	-4 205	106,8 %
Endring . 17-18	-0,4	-5,5	3 %	614	4 054	3 440	5,6 %

Tabellen syner eit samla meirforbruk på kr 765.000,- for 2018. Netto kostnadar for tenesta har auka med 5,6 % frå 2017 til 2018. Eit sjukefråvær på 9,8% fører til høge kostnadar til vikarar og innleie av personell. Det har vore vanskeleg å få vikarar til vakante vakter og helgestillingar, noko som også i år har resultert i mykje overtid på det faste personalet. Mangel på fagpersonar over tid er ikkje gunstig for kvaliteten på tenesta til brukarane. Ein har også i 2018 arbeidd med rekrutteringstiltak for å motverke dette.

Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid

Heimetenesta gjev tenester til pasientar og brukarar gjennom heile livsløpet. Mange har omfattande og langvarige behov som krev personale med utdanning på høgskulenivå og tverrfagleg kompetanse. Ved kvar utlysning av vakante stillingar vert det gjort ei vurdering om vi har riktig kompetanse. I dei siste åra, også i 2018, vart ufaglærte stillingsheimlar omgjorte til både helsefagarbeidar-, vernepleiar- og sjukepleiarstillingar.

I måla for heimetenestene har vi fokus på fagleg og personleg utvikling av personalet. På trass av stort arbeidspress har det vore gjennomført kurs/intern undervisning som m.a. kompetanseplanen for 2018 viser. Når det gjeld teneste til personar med nedsett funksjonsevne har kommunen eit tett samarbeid med habiliteringstenesta for vaksne på Breistein, og har gjennom personalet der motteke råd og fagleg rettleiing. I 2018 starta åtte tilsette med «Mitt livs ABC», som er eit kompetanseprogram for tilsette som yter teneste til personar med nedsett funksjonsevne.

Kvardagsrehabilitering

I 2015 og 2016 var Meland kommune deltakar i KS sitt nettverk for «kvardagsrehabilitering». Dette er ulike tiltak for å bidra til betre helse og aktiv alderdom. Satsinga er viktig då statistikkane viser at vi i åra som kjem kan vente auke i tenestebehov som vert vanskeleg å møte med dei ressursane tenestene får i dag. Kvardagsrehabilitering krev ekstra ressursar i startfasen. Både i 2017 og 2018 fekk vi tildelt kr 300.000,- frå fylkesmannen i tilskot til dette arbeidet.

Sidan våren 2018 har ein hatt ein fysioterapeut i tillegg til ergoterapeut og sjukepleiar i arbeidet, noko som har vore svært positivt for utvikling av denne tenesta i kommunen. Grappa har fått utarbeidd ei metodebok for Kvardagsrehabilitering som inneheld m.a. sjekklister til bruk ved oppstart

hjá nye brukarar, dokumenteringsrutinar, registreringsskjema, informasjonsperm til brukar osv. Dette for å sikre lik praksis og for å ha gode verktøy i møte med brukar. Det har ikkje vore enkelt å finne aktuelle brukarar i 2018, men totalt var det 10 personar som vart vurdert for å starte med Kvardagrehabiliering. Av desse var det 4 personar som gjennomførte hele løpet. Brukarane har oppnådd dei måla dei hadde sett seg i byrjinga og er meir fornøgd med eigen funksjon ved avslutning. Vi har stor tru på eit endå betre resultat i 2019. Vi merkar ei bevisstgjerig hjå personalet når det gjeld å legge tilhøva til rette slik at pasientane kan vere meir delaktig i sin kvardag i motsetning til at personalet utfører dei ulike gjeremåla for pasientane. Ein annan stor fordel med dette nettverksarbeidet er at vi opplever ein svært positiv effekt på samarbeidet mellom sjukeheimen, ergo-fysioterapiavdelinga og heimetenesta.

Velferdsteknologi

Dette er eit nasjonalt satsingsområde. Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den enkelte brukar sjølv i større grad kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever mestring i kvardagen. Lindås kommune har gjennomført eit stort forskingsprosjekt innan velferdsteknologi i perioden 2012-2016 og implementert dette i drift. Målet er at velferdsteknologi i 2020 er ein naturleg del av tenestetilbodet i nye Alver kommune. Innbyggjarar skal få etablerte og velferdsteknologitenester som fungerer uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og adresse.

Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås er samstundes eit delprosjekt under felles hovudprosjekt « Nordhordlandsregionen – saman om velferdsteknologi» (10 kommunar). I løpet av hausten 2017 starta ein med kurs innan «Velferdsteknologiens ABC». 29 personar frå heimetenesta i Meland har fullført dette kurset i løpet av 2018.

Systemkoordinator, koordinerande eining, individuell plan, planverkty m.m

I 2018 vart det tilsett ny koordinator for personar med nedsatt funksjonsevne, som også dekker oppgåver som koordinerande eining for Meland kommune. Fokus for koordinatoren har vore å bli kjent med dei som tek imot kommunale helse- og omsorgstenester, arbeide med struktur på tenestetilbodet i kommunen på dette feltet, og sørgje for at dei som har rett til koordinator, Individuell plan og tilhøyrande tenester får dette slik dei skal.

Vi har ikkje kome så langt i dette arbeidet som ynskjeleg. Målet for 2019 er å kurse dei som koordinerer planar, samt å oppdatere og gjennomgå gjeldande planar for tenestemottakarane. Det vert og sett fokus på opplæring av datasystemet Sampro, som brukast i dette arbeidet.

Det skal i fylgje mandat for koordinerande eining vera møte for koordinerande team kvar fjerde veke. Dette har ikkje blitt gjennomført frå mai til september då det har vore vanskeleg å finne møtetidspunkt. I 2019 vil det vere møte minst kvar sjette veke. Koordinerande eining har kun deltatt på vedtaksmøter med heimetenesta og har ikkje vore involvert i personalmøter med andre avdelingar som yter helsetenester i kommunen.

Hukommelsesteamet

Tre sjukepleiarar frå heimetenestene og ein sjukepleiar frå sjukeheimen, alle med vidareutdanning innan aldring og helse, har gjennomført 6 kartleggingar og 13 retestar av pasientar i 2018 der det har vore mistanke om og konstatert demenssjukdom. Dei arbeider samstundes med fylgje opp pårørande til desse. Teamet arbeidar tett saman med tilsynslegen ved sjukeheimen og fastlegane. Vi registrerar ein auke i etterspurnad etter tenester, og fleire fastlegar tek kontakt.

Det er behov for å arbeide meir med førebygging og oppfylging av pårørande til pasientar med kognitiv svikt og demens diagnose som bur i sin eigen heim.

Kreftsjukepleiar

Kommunen har kreftsjukepleiar i 30% stilling. Førespurnad om tenester kjem både frå fastlegar, pasientar eller pårørande. Ressursen er svært knapp. Det skal vere ein låg terskel for at innbyggjarane kan ta kontakt, og det vert ikkje skreve vedtak om desse tenestene. Kreftsjukepleiar er i tillegg til dette ein viktig fagleg ressurs både når det gjeld fagleg rettleiing, undervisning og i direkte tenesteyting.

Dokumentsenter Omsorg


Det vart etablert eit dokumentsenter for pleie og omsorg i 2015 for å samle all dokumentflyt, saksbehandling og forvaltning gjeldande pleie og omsorg. Vi brukar 2 sjukepleiarar, med tilsamman 90% stilling og ein sosionom i ca. 60% stilling til vedtaksskriving. Arbeidsmengda er aukande både når det gjeld tal på søknadar og kompleksiteten i søknadane. Vakanse i deler av ressursane resulterte i meirarbeid på dei andre sakshandsamarane har gjort arbeidet utfordrande.

Prosjekt Stabil og forsvarlig bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne.

I mars 2017 starta prosjektet « Stabil og forsvarlig bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne». Bakgrunnen for prosjektet var vanskar med å behalde og rekruttere kompetent personale til tenesteyting for menneske med nedsett funksjonsevne. Vakante stillingar har gitt auka belastning på dei tilsette i arbeidslaga, og det er mykje bruk av overtid. Ustabil bemanning resulterer i både utrygge brukarar og pårørande. Pårørande har gitt utrykk for misnøye med tenesta.


Føremålet med prosjektet var å vurdere om noverande organisering av tenesta til målgruppa var føremålstenleg i høve lovkrav, sikre forsvarleg og kompetent bemanning, og at brukarar, pårørande og tilsette skulle oppleve ei trygg og god teneste. Eit resultat av prosjektet er flytting av brukarar og endring frå ordinær seks-vekers turnus til medlevertturnus for dei tilsette. Dette har resultert i fleire søkjarar til vakante stillingar. Prosjektet vart avslutta i 2018, men fyrst i 2019 vil nokre brukarar bli flytta i oppussa omsorgsbustadar slik at tenestene ein yter sannsynlegvis kan bli betre.

Det er ei stor utfordring å rekruttere avlastarar til barn og unge med nedsett funksjonsevne. I nokre tilfelle har løysinga blitt at kommunen kjøper tenester som avlastning brukarstyrt personlege assistentar frå privat leverandørar.



Brukarar

Tabellane viser at talet på pasientar/brukarar som vi yter teneste til har auka noko frå 2017 til 2018. Ein viser spesielt auken i talet pasientar som får både heimesjukepleie og praktisk bistand. Desse brukarane har meir omfattande hjelpebehov i forhold til tidlegare, og det må leverast meir komplekse tenester i heimen. Ved slutten av året 2018 har vi fleire pasientar der vi kvar dag må vurdere om det er forsvarleg at dei bur i eigen heim med hjelp frå heimetenestene. Vi har diverre ikkje statistikk som viser kor omfattande tenester dei har trong for.



6.12 Kultur

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	11,8	20,0	59%	10 219	10 470	251	97,6 %
2017	10,0	19,0	54%	9 472	9 490	17	99,8 %
Endring . 17-18	1,8	1,0	5%	747	980	233	2,2 %

Auka frå 2017 til 2018, utover prisvekst, er i hovudsak knytt til etablering av Ung Meland, med klubbarbeidar- og ungdomskordinatorressursar, samt aktivitetsmidlar. Vidare vart rammene for tilskot til lag- og organisasjonar prisjustert. Det økonomiske resultatet ligg noko under budsjettramma i hovudsak grunna personalmessige tilhøve.

Ung Meland

Ungdomstilboda gjennom Ung Meland har opplevd stor stigning i besøkstal i 2018, og låg i 2. halvdel i snitt på mellom 60-70 besøkande kvar onsdag og fredag. Ung Meland arrangerte òg aktivitetar utanfor basen i det mellombelse lokalet i Frekhaug senter, både andre plassar i kommunen, i samarbeid med Lindås, Radøy og Austrheim, og som utfluktar til Bergen. Klubbstyret medverker til eit demokratistyrte og involverande tilbod. Ung Meland hadde 1,3 årsverk fordelt på to tilsette ved utgangen av 2018, og har sekretærfunksjon for Meland ungdomsråd. Klubbtilbodet og Ung Meland-basen flyttar inn i Meieriet Frekhaug hausten 2019.

Kulturskulen

Ved utgangen av 2018 hadde kulturskulen 257 elevplassar fordelt på 239 elevar. Dette er ei auke frå 2017, i hovudsak knytt til disiplinær som nyttar seg av gruppeundervising. Skulen har 11 faste tilsette, fordelt på 4,8 årsverk. Eigendel var kr 3 600 per elevplass ved utgangen av 2018, ei auke på 3% frå 2017. 115 elevar stod på venteliste, ei auke på 40 frå 2017. Det vert gitt progressiv søskenmoderasjon, og ein tilbyr opp til 10 elevplassar med redusert eigenbetaling. Kulturskulen yter dirigenttenester til skulekorpsa, total 0,62 årsverk.

Meland Bibliotek

Nøkkeltal Biblioteket	Utlån	e-lån	Arrangement	Fremmøtte på arrangem.	Besøk
2016	27 785	715	57	1 153	10 541
2017	30 793	517	72	1 158	Tal manglar
2018	31 561	823	71	1 406	17 070

Meland bibliotek har auka besøkstala med oppunder 40% sidan 2016. Utlånstala stig jamt og besøkstala ved arrangement er aukande. Besøket på Rosslund filial er enno svært lågt, med under 200 besøk i 2018. Meland bibliotek har 4 faste tilsette, fordelt på 2,7 årsverk, og kjøper biblioteksjefteneste frå Lindås kommune, i samband med Strilabiblioteket.

Frivilligsentralen

Sentralen har regelmessige møter med lag- og organisasjonar, og støtter og tek initiativ til tiltak og prosjekt saman med frivillig sektor, flyktingar, idretten og ulike kommunale tenester. Arbeidet med flyktingar og inkludering har gått vidare, og ein har auka trykket på inkluderande tiltak for barn og unge som opplever fattigdomsproblematikk. Kultur på kort og Sommaraktivitetar for barn har vorte

suksessar, og vil vart utvida til å òg gjelde ungdom i 2018. Sentralen har og jobba med etablering av inkluderingskontaktar i org.-livet, styrking av internasjonal aften, samt førebuing av prosjektet Fleire fargar. Frivilligsentralen har dagleg leiar, 1 årsverk.

Kulturadministrasjon

Kulturadministrasjonen driv med leing av tenesteområdet, kulturfagleg rådgjeving, prosjektarbeid og samarbeid opp mot kultur- og organisasjonslivet, innan mellom anna idrett, friluftsliv, scene, musikk, kunst, DKS, kulturminnevern, tilskot og spelemidlar. I 2018 vart Meieriet Frekhaug prosjektert, og vil stå klar hausten 2019. Kulturadministrasjonen har 2 faste tilsette, fordelt på 2 årsverk, i samarbeid med Lindås kommune.

6.13 Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)

Arbeidsområder

- Eigedomsforvaltning og utbygging
- Arealplanlegging, geodatatenester og oppmåling
- Byggesaksbehandling, seksjonering og adressetildeling
- Landbruk, natur og miljø
- Drift, vedlikehald og reinhald av kommunale bygningar og bustader
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar og kaiar
- Drift og vedlikehald av kyrkjegard og grøntanlegg
- Drift og vedlikehald av vatn- og avlaupsanlegg
- Administrasjon av interkommunale tenester innan slamtømming og feiing

Drift i 2018 - oppsummering

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi Tall i 1000 kr			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2018	41,4	43,0	96 %	32 463	33 060	597	98,2 %
2017	43,1	44,7	96 %	29 822	31 100	1 278	95,9 %
Endring . 17-18	-1,7	-1,7	0 %	2 641	1 960	-681	-2,3 %

Tall for 2017 er ekskl. kostn. til leige av modulbygg knytt til investering i nye skulebygg.

I 2018 var kapasiteten innan heile tenesteområdet normal. Ingen nye stillingar vart oppretta. Sjukefråveret, og dermed vikarbruken, var låg. Drift- og vedlikehaldsbudsjettet for kommunale bygningar og vegar gjekk i minus, medan andre område gjekk i pluss (høgare gebyrinntekter enn venta). Samla sett kom avdelinga ut i balanse med eit mindreforbruk på kr 0,7 mill.

Nøkkeltal

Nøkkeltal frå Kostra	Meland		Kostragruppe 08		Hordaland		Landet u/Oslo	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Kommunalt disponerte bustader pr 1000 innbyggjarar	15	14	18	18	19	19	21	21
Netto driftsutgifter i kr til kommunal eigedomsforvaltning pr innbyggjar	2 998	2 946	4 637	4 390	5 130	4 954	5 082	4 835
Netto driftsutgifter til skulelokale i kr pr innbyggjar	1 868	1 907	2 150	2 067	2 203	2 207	2 178	2 175
Netto driftsutgifter i kr pr km kommunal veg	86 016	76 516	123 305	115 143	142 276	127 144	128 584	117 964
Årsgebyr vassforsyning	4 170	3 864	2 663	2 626	3 679	3 901	3 431	3 391
Årsgebyr avlaup	3 063	3 063	3 458	3 523	3 591	3 534	3 839	3 782
Årsgebyr renovasjon	3 488	2 944	2 393	2 419	2 363	2 379	2 712	2 656
Netto driftsutgifter til plan/kart/bygg i kr pr innbyggjar	650	531	347	315	309	294	353	335

Tabellen over viser at vi har små endringar innan dei fleste områder. For plan- og byggesaksbehandlinga sin del er netto driftsutgifter relativt høge som følgje av kjøp av konsulenthjelp, på grunn av kapasitetsproblem. Årsgebyr renovasjon aukar i 2018 etter å ha vore stabilt frå 2015 til 2016.

Registreringar i Matrikkelen	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Nye grunneigedomar medrekna seksjonering	44	150	199	66	11	86	64	41	100
Seksjonerte eigedomar (tal seksjonar)	4	9	9	2	1 (4)	3 (44)	4 (42)	1(2)	2 (61)
Nye bygningsidentar	122	92	144	117	66	79	103	115	116
Bygningar meldt tekne i bruk/ meldt ferdig	61	98	75	65	65	125	128	58	54
Nye adresseidentar	53	92	193	81	63	68	45	113	39
Krav om klarlegging av eksist grense/ justering	4	14	11	13	19	13	27	27	16
Registrerte tiltak unntatt byggesaksbehandling							9	10	2

Nøkkeltal frå matrikkelen seier noko om aktiviteten i bustadmarknaden. Merk at tala gjeld alle eigedomar, ikkje berre bustader. Talet på nye bygningsidentar indikerer stigande aktivitet i bustadmarknaden, og reflekterer at det er område under utbygging.

Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid/tilsyn

Tenesteområdet har kontinuerleg fokus på å halde høgt fagleg nivå i saksbehandlinga, forvaltninga, handtering av utbyggingsoppgåver og tilbudsprosessar og i driftsoppgåvene. Oppfølging av ulovlege saker og tilsyn innan byggesak har vore prioritert. Kommunesamanslåping, dialog, samarbeid og omstillingsevne har hatt særleg merksemd ved personalsamlingar i 2018. Faglege nettverk i regionen og i fylket er nytta godt.

Brukarar

Tenesteområdet behandlar eit variert omfang av søknader knytt til bustader og eigedom, m.o.t. plan, byggesak, tilknytning vatn og avlaup, utslepp, avkjørsel, tilskotsordningar i landbruket, konsesjonar, motorferdsel, skogsvegar osb. Det blir lagt vekt på å behandle alle sakstypene så raskt som mogleg, uavhengig av om fristane er lovfesta eller ikkje, og vi er heller ikkje utsett for klage på saksbehandlingstida. Vi forsyner innbyggjarane med vatn, sørgjer for at avlaupsanlegga fungerer og sørgjer for at vegar og plassar er brøyta og strødd om vinteren. Det er ikkje registrert vesentlege avvik eller misnøye med tenestene. Vi drifter og held vedlike dei kommunale bygningane, og opplever at brukarane stort sett er nøgd med innsatsnivået.

Utfordringar

Utviklingsbehov	Status
Det er behov for å auke kapasiteten innan plansaksbehandlinga og kommunal planlegging.	Det er ein relativt høg aktivitet i utbyggerbransjen etter at kommuneplanen sin arealdel vart ferdig. Det er krevande å møte private planleggjarar og utbyggerar på ein god nok måte når ressursane er knappe. Plan- og bygningslova sine krav til kommunal planlegging tek utgangspunkt i at kommunane har vesentleg høgare kapasitet enn det som er tilfelle i dag.
Det er behov for å auke kapasiteten innan drift og vedlikehald av bygningar og anlegg	Etter utbyggingar og utvidingar av sjukeheimen og fleire skular dei seinare åra, er det behov for å styrke kapasiteten og budsjettet innan reinhald, drift og vedlikehald. Driftsovervakingsystema blir stadig fleire og meir kompliserte, straumutgiftene aukar, faste avgifter og lisensar aukar, rapporteringskravet aukar.
Utgifter til veglys og brøyting / anna vedlikehald aukar, med budsjettmessige konsekvensar.	Kommunen får fleire vegar og veglys å drifte etter kvart som nye bustadområde blir ferdige, men driftsbudsjettet heng ikkje tritt.
Digital kommune	Meir bruk av smarte løysingar innan kommunikasjon og dokumentasjon, koordinert med digitale FDV-styringsverktøy ute på dei ulike bygningane og anlegga. Meir bruk av digital dialog. Her er det rasjonelt å samarbeide med dei andre kommunane i regionen om tenlege løysingar. Digitalisering av eigedomsarkivet vart gjennomført i 2018.

Utviklingsoppgåver

Tiltak	Status
Styrke effektiv drift av kommunale bygg, vegar og anlegg	Avdelinga har hatt høgt fokus på kommunesamanslåinga.
Høgt nærvær og godt arbeidsmiljø	Avdelinga gjekk ut med eit sjukefråver på 2,8% for heile 2018 (målet var å ligge under 7%). Avdelinga er godt nøgd med dette resultatet. Kortidssjukevêret er svært lågt.
Bidra til god informasjon og gode elektroniske tenester	Feilmeldingstenesta for innbyggjarane er i drift. Det er laga ny tekst til heimesidene.

7 Investeringar i 2018

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 71,4 mill. i ordinære investeringar, kr 17,6 mill. i vassverks- og avlaupsanlegg, og andre investeringsaktivitetar er på kr 17,4 mill. kr. Desse inkluderer utlån, avdrag og avsetningar vedr. kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken. Sum kapitalutgifter i investeringsrekneskapen er dermed kr 106,3 mill.

Invest.prosj. 2018	Regnsk. 2018	Rev. bud. 2018	Avvik rekn. - budsji	Invest.prosj. 2018	Regnsk. 2018	Rev. bud. 2018	Avvik rekn. - budsji
100 - IKT diverse direkte invest kommunen	607	750	143	767 - Oppgradering heis Meland rådhus	544	525	-19
101 - IKT-prosjekt via IKT NH	1 136	1 500	364	786 - LADEPUNKT EL-BILAR	13	-	-13
109 - Digitalisering av eigedomsarkivet	1 299	1 625	326	789 - Ny driftsstasjon	15 940	15 300	-640
111 - Datautstyr - Realfagsstrategi	252	250	-2	791 - Utbetr./opprensning, gangsti og Veilys f	20	563	543
112 - Digital Transformasjon skulane	128	150	22	792 - Fortau Mjåtveitvegen	103	375	272
256 - Datautstyr skulane	633	625	-8	Sum Teknisk sektor	24 046	24 600	554
Sum IKT-prosjekter	4 056	4 900	844	Sum ordinære investeringar	71 413	98 943	27 529
253 - Tilbygg Grasdal skule	1 092	1 500	408				
254 - Tilbygg Sagstad skule	12 430	12 238	-192				
257 - Uteområde skular	424	475	51	601 - Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	4 175	7 600	3 425
261 - Uteareal Sagstad skule	11 279	17 500	6 221	653 - Handtering overvatn Holtermandsveger	207	2 500	2 293
262 - Utgreiing/planlegging ungdomsskule	405	1 250	845	654 - VA-kryssing E39	834	1 140	306
Sum Skule og Barnehage	25 630	32 963	7 332	656 - Vassleidning Tveit-Holme	94	4 000	3 906
				662 - Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	2 681	4 500	1 819
350 - Utleigebustader for vanskelegstilte	12 351	17 330	4 979	663 - Separering Grønlandsområdet	37	45	8
351 - Omsorgsbustader med heildøgns tilsyn	812	4 750	3 938	668 - Sanering Rosslandspollen	77	1 000	923
354 - Balkong omsorgsbustader Meland rådhu	872	875	3	675 - Oppgradering VA Frekhaug sentrum	3 445	3 500	55
355 - Utgreiing nye omsorgsbustader Frekhaug	-	625	625	676 - Vassleidn. Meland vassverk - høgdebass	594	1 000	406
376 - Omsorgsteknologi / kvardagsrehabiliter	-	1 250	1 250	677 - Vassleidning Myrvollane-Moldekleiv	223	700	477
377 - Takheisar Meland sjukheim	754	750	-4	678 - Vassleidning Litlebergen - Flatøy	176	500	324
Sum Helse, sosial og omsorg	14 789	25 580	10 791	680 - Mindre prosjekt vatn	2 872	3 000	128
				690 - Mindre prosjekt avlaup	2 144	3 000	856
544 - Areal ro- og jollesegling	28	200	172	Sum Vatn og avlaup	17 559	32 485	14 926
556 - Restaurering av meieribygget	1 095	3 075	1 980				
557 - Turstiar/lysette turløypar	23	625	602	910 - Startlån, diverse postar	15 240	16 600	1 360
558 - Parkering/rasteplassar	527	625	98	929 - Eigenkapitalinskot KLP	1 247	1 050	-197
559 - Aktivitetsområde Frekhaug torg	289	1 000	711	Avsetning til kapitalfond, diverse prosjekt	865	-	-865
570 - Utviding av kyrkjegard	749	1 100	351	Sum Andre kapitalutgifter	17 352	17 650	298
578 - Kjøp av sentrumsareal	-	3 500	3 500				
579 - Diverse prosjekt Kyrkja	180	150	-30	Sum finansieringsbehov i invest.rekn.	106 325	149 078	42 752
581 - Arbeidskyrkje	-	625	625				
Sum Kyrkje, Kultur og Næring	2 892	10 900	8 008				
				Momsrefusjon / momskomp.	10 918	15 183	4 264
756 - Saltspreiarar	131	150	19	Tilskot, refusjonar, salsinntekter	3 143	-	-3 143
760 - Kommunale vegar	1 983	2 125	142	Bruk av lånemidlar	83 496	121 245	37 749
761 - Trafikksikring	631	625	-6	Bruk av kapitalfond og andre avsetningar	3 094	11 050	7 956
762 - Kommunale bygg	3 511	3 750	239	Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	5 674	1 600	-4 074
766 - Nye ventilasjonsaggregat rådhuset	1 171	1 188	16	Sum finansiering	106 325	149 078	42 752

Revidert investeringsbudsjett er på kr 149,1 mill. og ein har såleis i 2018 brukt kr 42,8 mill. mindre enn budsjettet. Mesteparten av dette skuldast forskyving av prosjekt ut i tid, og budsjettmidlar vil verte overført til 2019.

GJENNOMFØRTE INVESTERINGSPROSJEKT

Bygg

Uteseksjonen har fått ny driftsstasjon i Mjåtveit næringspark. Det meste av bygginga vart utført i 2018, men innflyttinga vert tidleg i 2019. Driftsstasjonen har store garasjer og



godt med innandørs lagringsplass for den kommunale køyretøy- og utstyrparken. I tillegg er det kontor og møterom. Driftsstasjonen frigjer areal i det gamle meieribygget og den gamle brannstasjonen som har vore nytta til lagringsplass og driftslokale.

Tilbygget til Sagstad skule sto klart tidleg i 2018. No har også utearealet til skulen fått ei stor utviding og oppgradering. Arealet har auka med ca 15 da og ligg no godt innanfor normkrava for uteareal til skular. Utearealet består av ny ballbane, sykkelbane, zipline, jungeløype, klatrestativ, i tillegg til store areal til frileik. Den gamle symjehallen har også blitt rehabilitert til fysak-bygg (bygg for fysisk aktivitet) og inneheld mellom anna klatrevegg, skaterampe og bordtennisbord. Utearealet vert heilt ferdig tidleg i 2019.



Det er elles gjort betydelege oppgraderingar av eksisterande bygg. På Rossland skule har dei fått nytt skulekjøkken og nye dører i administrasjonsbygget. På Sagstad skule er det gjort oppgraderingar av eksisterande bygningsmasse med mellom anna nytt radiatoranlegg og oppgradering av fyrrommet. Det er gjort fleire tiltak for å betre innemiljøet og seinke energikostnadene i fleire bygg. På Meland rådhus har det eine ventilasjonsanlegget blitt skifta ut og eit anna er oppgradert. Det er også skifta eit ventilasjonsanlegg på Meland sjukeheim og oppgradert eit anlegg på Vestbygd skule. Elles har dei kommunale omsorgsbustadene på Meland rådhus fått eigen balkong.

Veg og trafikksikring

Fleire kommunale vegar har blitt asfaltert i 2017. Inkludert i desse er veg til lo neset og kai på lo, delar av Skintveitvegen, strekninga frå fylkesveg 245 til Grasdal skule, Fureskjeggvegen (sjå bilete), fleire parkeringsplassar ved Meland sjukeheim, halve Bjørndalsvegen, Frekhaug kai og delar av Rylandsfeltet.

Det er gjort fleire trafikksikringstiltak ved Grasdal skule: skilta skuleveg, etablert to gangfelt, merka opp «kiss & ride», etablert to handicaplasser ved skulen og satt opp rekkverk langs gangvegen ned frå den nye parkeringsplassen. På Frekhaug kai vart parkeringsplassen skilta og merka opp på ny for å gje ein meir trafikksikker løysing med god framkomeleigheit for buss. Det er og gjort fjellsikring både på Frekhaug kai og langs Røysetvegen for å trygge vegane.



Vatn og avlaup

Det største pågåande vatn- og avlaupsprosjektet er bygging av nytt hovudvassverk på Hestdal. Vassverket skal bli eit fullreinseanlegg med fargefjerning og UV-reinsing som kan levere nok vatn til eit stadig aukande folketal i kommunen. Framdrifta på prosjektet er noko seinka grunna behov for å regulere vegomlegging av Håtuftvegen. Reguleringsplanen er no godkjent og kommunen planlegg å starte bygging av vassverket sommaren 2019.

I Frekhaug sentrum er det gjort rehabilitering av eksisterande leidningsnett for å tette lekkasjer og sikre god nok dimensjon på leidningane for framtida.

Elles er det starta opp bygging av nytt VA-anlegg frå Holme til Tveit. Anlegget vil pågå i 2019 og kommunen håpar at anlegget også vil mogleggjere vegutbetring av FV 247. Kommunen har søkt Hordaland fylkeskommune om midlar til dette og vi avventer no søknadsbehandlinga.

